



PREST MELLOM AMPELMÄNNER OG TRABANTAR

Tre prestelagnader i DDR

Spesialoppgåve i teologi
Universitetet i Oslo, Teologisk fakultet
Våren 2007

Turid Sandsleth Reksten

Rettleiar: Professor Berge R. Furre



Innhald

1	Innleiing	3
2	Kyrkja i DDR	6
2.1	I opphavet.....	6
2.2	Stasi – Ministerium für Staatssicherheit (MfS).....	10
2.2.1	Stasi og kyrkja.....	12
2.3	Dei tøffe 50-åra	14
2.3.1	„Aufbau des Sozialismus“ – vanskeleg tid for Junge Gemeinde.....	15
2.3.2	Kursending.....	18
2.3.3	Jugendweihe	20
2.3.4	Opprør og dobbelstrategi.....	21
2.4	Deling.....	24
2.4.1	Muren vert bygd	25
2.4.2	Oppretting av BEK.....	26
2.5	„Kirche im Sozialismus“	28
2.5.1	Forholdet til staten.....	29
2.5.2	Kirche im Sozialismus	31
2.5.3	Fleire samtalar	32
2.6	Mot slutten.....	34
3	Informantane - liv og virke.....	37
3.1	„Helmut“	37
3.2	„Karl“	45
3.3	„Wolfgang“	52
4	Avslutning.....	64
5	Litteraturliste	67
6	Vedlegg	69
6.1	Vedlegg 1: Utdrag frå Forfatninga av 1949	69
6.2	Vedlegg 2: Utdrag frå Forfatninga av 1968	70
6.3	Vedlegg 3: Samtaleguide	71

Forkortingar

BEK	Bund der Evangelischen Kirchen in der DDR
BRD	Bundesrepublik Deutschland
DDR	Deutsche Demokratische Republik
EKD	Evangelische Kirche in Deutschland
EKiBB	Evangelische Kirche in Berlin-Brandenburg
EOS	Erweiterte Oberschule
ESG	Evangelische Studentengemeinde
FDJ	”Freie Deutsche Jugend”
IM	Inoffizielle Mitarbeiter
JG	Junge Gemeinde
KH	Kirchliche Hochschulen
KKL	Konferenz der Evangelischen Kirchenleitungen im Gebiet der DDR
KPdSU	Kommunistische Partei der Sowjetunion
KSSE	Konferansen for Sikkerhet og Samarbeid i Europa
MfS	Ministerium für Staatssicherheit
SED	Sozialistische Einheitspartei Deutschlands

1 Innleiing

Møte med menneske frå det tidlegare DDR, gjennom reiser, familie og vener, bøker og filmar har inspirert meg til å skrive denne oppgåva. Noko av det som fascinerer meg, er at DDR er så nær i tid og geografi, likevel så fjernt frå vår førestellingsverd: Menneske som fortel at dei ikkje fekk reise i gravferd til svigerfar i Vest-Tyskland, at dei vart kontrollert og spionert på overalt, at sjokoladepålegget ”nudossi”, måtte vente 15 år på å få bil: oftast ein Trabant som var laga av düroplast og bråka på linje med ein plenklippar, ikkje hadde ytrings- eller reisefridom, måtte stå i kø i timevis for å kjøpe bananer, som var luksus, og betalte med pengestykke av lett aluminium, hadde sosial tryggleik, inga arbeidsløyse og barnehageplass til alle, og var vitne til ein fredleg revolusjon.

Korleis kunne det vere å vere prest her? Eg ville gjerne høyre meir om prestars kvardag. Kvifor begynner nokon i det heile å studere teologi i ein stat der religion er ”ut”? Kva med teieplikta? Stasi? Ein offentleg person på ein preikestol, kva kan han eller ho seie? Opposisjon eller tilpassing? Korleis kan ein prest forholde seg til ein strengt ateistisk stat som krev *Jugendweihe*? Korleis kunne dei på best mogleg måte fylle sine oppgåver som prest? Kva tenkjer prestane i ettertid? Det er mange spørsmål og ulike svar.

Dette er ei oppgåve innan nyare europeisk kyrkjehistorie der eg vil gå inn i den politisk-sosiale situasjonen i DDR og presentere tre prestar sine møte med denne staten. Samanslåinga i 1990 fekk og ein del konsekvensar, og eg ser difor også på reaksjonar og tankar kring ”*die Wende*”, og kva prestane tenkjer i etterkant når dei ser tilbake på åra som er gått. Gjennom desse prestane vil eg lage eit stykke samtidshistorie, men for få fram studien av prestane i denne situasjonen, var det naudsynt først å ta ein gjennomgang av DDR-historia med vekt på kyrkjepolitikk. Hovudsaka er ikkje å gje ei framstilling av kyrkja i DDR, men dei tre prestane sine forteljingar om sitt liv og virke i denne spesielle politiske konteksten. Det er også denne andre delen som er det originale ved mi oppgåve, men for å kunne gjere det, treng ein altså bakgrunnsstoff. Oppgåva har difor to hovuddelar. Første delen gjev ei sterkt komprimert framstilling av historia og politikken i DDR, utan innblanding av stoff frå informantane. Denne delen er av konvensjonell historisk art, og målet med dette er å skissere opp konteksten for resten av oppgåva. Eg vil presisere at eg ikkje har lese alt som er av litteratur på området og at det sjølvsagt ikkje lar seg gjere å presentere eit lands historie fullstendig og grundig nok i ei slik oppgåve. Denne delen av oppgåva gir likevel bakgrunnsmateriale som er nyttig å ha

med seg når ein les vidare og hjelper med å få prestelagnadene tydelegare fram. I del to har eg valt ei narrativ tilnærming kor eg fortel om tre lagnader basert på samtalar med teologane som velvillig har stilt opp som informantar for meg. Dette knyter eg også direkte og indirekte til første delen. Eg refererer frå det prestane fortel, vel vitande om at alle saker har fleire sider, og eg er sjølvstøtt merksam på at framstillinga er subjektiv. Ein kunne vald å ha eit enda meir kritisk blikk på framstillingane og i større grad diskutert med desse teologane, men det var ikkje målet mitt. Det er inga kvantitativ undersøking, og eg har ikkje som mål å lage ein generell dokumentasjon på bakgrunn av det tre prestar fortel. Innanfor rammene av ei slik oppgåve let det seg ikkje gjere å trekkje generelle konklusjonar, då utvalet måtte ha vore mykje større, og dette er og bakgrunnen for at eg i liten grad samanliknar informantane og knyt teorien opp mot ei slik samanlikning.

Gjennom veners vener kom eg i kontakt med tre prestar som var ganske ulike i bakgrunn og haldningar, og dette gjorde arbeidet med oppgåva ekstra spennande og interessant. Alle informantane er menn, protestantar, og bur og har jobba i Berlin eller i nærleiken. Samtalane vart ført i Berlin i februar 2007 og dei som måtte trenge det, kan få innsyn i kjeldematerialet. Også materiale frå ulike museum og Stasi-arkiv er teke i bruk. Då oppgåva er på norsk har eg ikkje sitert frå samtalan slik at oppgåva skal vere tilgjengeleg for flest mogleg. Etter pålegg frå *Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS* er materialet anonymisert og informantane kalla "Helmut", "Karl" og "Wolfgang".

Den kalde krigen er ein viktig og stor del av historia i førre hundreåret og det gjer då inntrykk når ein ser kor lite merksemd DDR får i historierelaterte fag gjennom skule og utdanning. Sjølv om det med tida er skrivi ei rekkje bøker om og av meir eller mindre profilerte teologar i DDR, og desse tilbyr eit spekter av moglege tolkingar, er materialet eg bruker, ukjend. Ingen har før skrivi om desse tre prestane. Det at fleire bøker måtte hentast fram frå magasinet på universitetsbiblioteket og ikkje hadde vore utlånt før, tyder på at det ikkje er mange i Noreg som arbeider med dette spennande emnet. Mi tilnærming til emnet er å fortelje om menneske som opplevde DDR-staten, og eg var heldig å få møte tre prestar, tre ulike menneske, som fortel frå sine liv og deler sine tankar om DDR og kyrkja si stilling. Dette er interessant og viktig fordi personlege skildringar frå augevitne og menneske som har kjent eit slikt regime på kroppen, er ein viktig del av historia. Det var viktig for meg å skrivi denne oppgåva no før dei som arbeidde som prestar i DDR blir for gamle og fell frå. Å lese er ikkje det same som å

høyre dei fortelje, og det har vore utruleg spennande å møte prestane, ta lærdom av det dei seier for ei eventuell eiga gjerning og slik få perspektiv på tenesta.

Tittelen ”Prest mellom Ampelmänner og Trabantar” er valt fordi dei karakteristiske trafikklysa og Trabanten no er ein viktig del av ”*Ostalgie*”¹. Ampelmännene fann ein i alle lyskryss frå 1961, og Trabanten var den mest vanlege bilen, den vanlege innbyggjarar omsider, gjerne etter 10-15 års venting, fekk kjøpe. Desse var ein naturleg del av prestens omgjevnad og er no blitt kultfenomen.

Eg vil få rette ei stor takk til prestane som stilte opp og så ope fortalde om sitt liv og virke i kyrkja i DDR, i tillegg til rettleiar, familie og vener som har hjelpt meg med oppgåva.

Turid Astrid Reksten

Oslo, mai 2007

¹ Nostalgj for det Aust-Tyske.

2 Kyrkja i DDR

2.1 I opphavet...

Etter andre verdskrig vart det ei firemaktsoppdeling av Tyskland, der både Tyskland og Berlin vart delt i fire sektorar: amerikansk, fransk, britisk og sovjetisk. Eit alliert kontrollråd vart danna i juni 1945 og skulle ha ansvar for politisk, militær og økonomisk koordinering mellom sonene. Den sovjetiske sektoren, *Sowjetische Besatzungszone*, utvikla seg til kommunistisk diktatur, medan dei allierte i Vest etter kvart slo saman sonene, då dei såg det som naudsynt for å overvinne moglege framtidige utfordringar. Vest og Aust utvikla ulike politiske og økonomiske system og utvikla seg i kvar si retning. Aust gjekk for eit politisk system som svarer til det sovjetiske, men tok omsyn til det særleine tyske. Regimet kravde lydnad og vedkjenning til marxisme-leninismen. Den som ikkje gjorde det, var fiende, og det skulle ikkje mykje avvik til før ein kunne møte kraftige reaksjonar. Likevel var det mange som kjempa imot. Den som kritiserte politikken eller ville vekk frå den sosialistiske staten, stilte seg medvite utanfor samfunnet og var ei plage. Anten var ein for eller så var ein imot, og dei fleste borgarar var medlem av partiet², for å unngå vanskar som det å stå utanfor, kunne innebære, utan nødvendigvis å sympatisere med partiet.

Desentralisert kyrkjestruktur

Strukturen i kyrkja i DDR var desentralisert. Den 31. aug 1945 vart ”*Rat der Evangelischen Kirche in Deutschland*” (EKD) konstituert av kyrkjemøtet i Treysa, og rådet vart grunnlagt tre år seinare. Same år vart også „*Konferenz der Evangelischen Kirchenleitungen im Gebiet der DDR*“ (KKL) grunnlagt, noko som vart viktigare og viktigare når EKD mista innverknad og statane tydelegare vart delte. Men opprettinga av EKD endra ingen ting i forhold til dei ulike *Landeskirche*³ sin autoritet og sjølvstende, EKD-råd og synodar var berre retningsgjevande. Det medførte ulik politikk ovanfor staten, og ofte usemje også når det galdt svært viktige ting som t.d. den nye forfatninga som kom i 1968. Ulike interesser kunne også medføre konflikhtar og fare for åtak frå Staten i form av forsøk på splitting, som igjen kunne gjere kyrkja svakare. Opprettinga av ”*Bund der Evangelischen Kirchen in der DDR*” (BEK) i 1969 var eit forsøk på å unngå dette. Kyrkja vart ikkje einsretta, men jamvel om ein ikkje var samd i eitt og alt og det vart inngått mange kompromiss, men vart kyrkja ikkje einsretta, og det var heile tida *ei*

² SED, sjå *Partiet og kyrkjepolitikk* s. 7

³ „verwaltungsmäßige, organisatorische Einheit der evangelischen Kirche, deren jeweiliger Bereich im Allgemeinen dem der einzelnen deutschen Länder entspricht“ DUDEN (2007)

kyrkje. Gjennom historia har forholdet mellom staten og kyrkja gått i bølger, og kyrkja har vorte skulda for å vere innfallsport for vestleg imperialisme.⁴ Kyrkja var ei svært viktig røyst og ein kan undrast om kyrkja ”erstatta” manglande opposisjonsparti.

Partiet og kyrkjepolitikk

I april 1946 slår kommunistpartiet (KPD) og det sosialdemokratiske partiet (SPD) i den sovjetiske sona seg saman til ”*Sozialistische Einheitspartei Deutschlands*” SED. Leiarane vert Wilhelm Pieck (KPD) og Otto Grotewohl (SPD). Hovudmålet var ein fredleg overgang frå kapitalisme til sosialisme. Særleg viktig vart oppseding til og i trå med sosialismen, og for å oppnå måla sine søkte SED innverknad på unge gjennom skule og andre oppsedingsinstitusjonar samt ungdomsorganisasjonen ”*Freie Deutsche Jugend*” (FDJ).⁵ FDJ var ein av mange såkalla ”*Massenorganisation*”⁶, som organiserte innbyggjarane slik at Staten fekk ”kontroll” over dei. Det var synleg kven som var med i *FDJ/junge Pioniere* (JP) eller ikkje, då medlemmene gjekk med høvesvis blå skjorte og blå eller raude halstørkle. Om dei var medlem kunne dei uttrykkje misnøye ved ikkje å bere effektane. Motstand mot JP og FDJ fekk alvorlege konsekvensar i lang tid, og difor kravdes det mykje kraft og vilje for å halde seg unna.⁷ Kor omfattande det skulle bli å stå utanfor, såg dei gjerne ikkje før etter ei god stund.

Frå mild til undertrykkande kyrkjepolitikk

På vegen fram mot sosialisme venta SED å få med alle som på eitt eller anna vis hadde drive motstand mot NS-regimet, men måtte etter kvart innsjå at motstand mot NS-diktaturet ikkje nødvendigvis impliserte kyrkje allianse med SED for å byggje opp eit samfunn etter sovjetisk føredøme eller å ville bryte med kyrkja si tradisjonelle rolle.⁸ Stat og kyrkje skulle avgrensast frå kvarandre og eit skisma var del av SED sitt program frå 1946. I dei første etterkrigsåra ville SED-leiinga unngå antireligiøs innstilling og halde spørsmål om verdsoppfatning utanfor den politiske dagsorden. Kyrkja sin motstand under Hitlerregimet, hadde gjeve kyrkja godt

⁴ G. Besier, *Pfarrer, Christen und Katholiken* (1992) s. 4

⁵ DDRs ungdomsorganisasjon med medlemmer frå 14 år Desse hadde blå skjorte med FDJemblem. "Junge Pioniere", grunnlagt 1948 var ein slags underorganisasjon av FDJ for barn mellom 6 og 14 år. I 80åra var 99% av alle skulebarn medlemmer. Unntaka var kun barn av kyrkjelege medarbeidarar. Kjelde: <http://www.planet-wissen.de/pw/Artikel.....C697B3C5AC7D3E03E030DB95FBC32F96.....html> I starten samarbeidde FDJ med *Junge Gemeinde*, men endra statutta i byrjinga av 50-talet og avslutta samarbeidet. I. Holzapfel, *Zeitzeugen berichten* (1992) s. 25 Barnas sårbarheit var ein hovudgrunn til at mange foreldre let barna bli *Pioniere* sjølv om dei prinsipielt var mot det.

⁶ U. Mählert, *Kleine Geschichte der DDR* (2004) s. 40. sjå også R. F. Goeckel, ”Der Weg der Kirchen in der DDR”, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 168

⁷ S. Ackermann, *Christliche Frauen in der DDR* (2005) s. 152f

⁸ J. Heise, „Kirchenpolitik von SED und Staat“, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 127f

”rykte”, og den første tida etter krigen vart det drive ein relativt mild kyrkjepolitikk. Det var egentleg berre spørsmålet om einskapsskulen, altså slutten på dei konfesjonelle skulane, biskop Otto Dibelius retta kritikk mot.⁹ Den katolske kyrkja med sin sentraliserte struktur klarte å oppretthalde fast og eintydig front mot staten. Ho heldt seg unna politikken, og retta svært lite offentleg kritikk mot regimet, berre mot *Jugendweihe*¹⁰ og kommunistisk oppseding. For frikyrkjene var det motsett – dei var så små og lokalt forankra, at dei ikkje hadde høve til å danne ein sams front. Det fekk følgjer i form av at dei ikkje klarte seg på same måten som dei større kyrkjesamfunna.¹¹ Det antireligiøse var altså ikkje det viktigaste, og det er skilnad på å vere antireligiøs og areligiøs. Men dette endra seg etter kort tid, då SED tok meir og meir etter det rådande kommunistpartiet i Sovjet, Stalins ”*Kommunistische Partei der Sowjetunion*” (KPdSU). I dagane 25. - 28. Januar 1949 kjem eit skifte då SED held sin første Parteikonferenz der dei vedtek oppretting av Politbüro¹² og innføring av demokratisk sentralisme¹³. SED er ”*Partei neuen Typus*” etter KPdSUs føredøme og ”*Kampfpartei des Marxismus-Leninismus*”.¹⁴ Der skulle det ikkje vere plass for andre verdssyn og kritikarane skulle feiast av bana.

Stabil haldning til religion

Toleransen som hadde rådd til no, forsvann stort sett, erstatta av militant ateistisk propaganda. DDR overtok sovjetiske førestellingar om religion og kyrkja si rolle i samfunnet, og det fekk då prege mange SED- og statstenestemenn. Sjølv om vitenskapsmenn og kyrkjepolitikarar i 60-, 70- og 80åra kom til andre og ulike meiningar om kyrkja og rolla ho hadde, heldt den gamle førestellinga om kristendomen som gamaldags, mangelfull og feil, seg likevel i partiet.¹⁵ Kristendomen vart oftast sett på som reaksjonær, ein einssidig kapitalistisk leivning eller borgarleg rest¹⁶, og dei kristne som upålitelege. Leiingas harde front førte til at til og med medlemmer varsamt kritiserte og åtvara mot overdriven og forhasta ateistisk propaganda. Ein religiøs SED-medlem hadde på slutten av førtitalet åtvara mot førestellinga om at religiøs tru

⁹ R. F. Goeckel, ”Der Weg der Kirchen in der DDR”, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 155

¹⁰ Ikkje-religiøs erstatningsrite for konfirmasjon. Sjå avsnitt 2.3.3.

¹¹ R. F. Goeckel, ”Der Weg der Kirchen in der DDR”, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 155.164

¹² „oberstes politisches Führungsorgan einer kommunistischen Partei” DUDEN (2007)

¹³ *Det at det kommunistiske partis medlemmer og de underordnede partiorganene er forpliktet til streng disiplin overfor de sentrale partimyndigheters beslutninger, som alle ubetinget må bøyge seg for.* (Fremmedord, blå ordbok. Kunnskapsforlaget (2003)

¹⁴ R. Mau *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 188

¹⁵ J. Heise, „Kirchenpolitik von SED und Staat“, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 139

¹⁶ R. Höppner, *Bleiben, wohin uns Gott gestellt hat* (2004) s. 108

kunne gå i oppløysing ved trykke på med naturvitskap i store mengder.¹⁷ Leiinga trudde likevel ei stund at sosialismen ville sigre når marxisme-leninismen vart rådande verdsoppfatning. Staten fann seg etter kvart i at kyrkja ikkje kunne utraderast, men gav ikkje opp ønsket om å kontrollere ho. Jo mindre politisk legitimasjon og mindre aksept for politikken staten hadde blant folk, jo meir støtta staten kyrkja.¹⁸

Kven bestemte egentleg kyrkjepolitikken?

Det var mange organ som formelt hadde innverknad på kyrkjepolitikken i DDR.¹⁹

I SED, hadde *Zentralkomitee* (ZK) ei arbeidsgruppe for kyrkjespørsmål ("*Arbeitsgruppe für Kirchenfragen*") som førebudde kyrkjepolitiske vedtak for sekretariatet og Politbüro. Viss ikkje generalsekretæren i SED sjølv tok avgjerda, vart som regel kyrkjepolitiske vedtak førebudde i denne nemnte arbeidsgruppa, HA XX/4 (MfS)²⁰ og "*Amt für Kirchenfragen*" ved visestatsministeren (frå 1957: "*Staatssekretär für Kirchenfragen*"). I MfS hadde egentleg alle som hadde noko med kyrkjefeltet å gjere høve til å påverke, både minister, nestkommanderande, leiar for vedkomande HA, regionale og lokale sjefar og medarbeidarar på feltet kyrkje. "*Linie der Partei*" var strengt tatt "*Linie des Politbüros*", så i det store og heile var det nok Politbüro som var den reelle maktinstansen. Det var her og i ZK-sekretariatet at alle viktige kyrkjepolitiske vedtak vart tekne.

Lokale variasjonar

Innleiingsvis må det også seiast at det ikkje var heilt svart-kvitt. Trass einskapsparti og einskapspolitikk var det ikkje likt overalt i DDR, og kor ulikt det faktisk var, oppdaga ein gjerne ikkje før i ettertid. Det var lokale variasjonar, alt etter kor hard eller mindre hard den lokale leiinga var. Partifunksjonærar, MfS-medarbeidarar, rektorar, lærarar og andre med makt kunne forholde seg ganske ulikt til det tilsynelatande strenge styret.²¹ Både prestar og andre kristne hadde difor ulike erfaringar med regimet. T.d. kunne lærarar somme stader ta elevar med til kyrkje eller setje opp julespel, og sjølv om det ikkje var religionsundervisning i skulen, fekk religionslærarar fram til 1952 gjerne låne rom på skulen til undervisning utanom skuletid. Informantane kjem med fleire døme.

¹⁷ J. Heise, „Kirchenpolitik von SED und Staat“, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 138

¹⁸ Same verk s. 143

¹⁹ G. Besier, *Pfarrer, Christen und Katholiken* (1992) s. 2

²⁰ Sjå 2.2 om MfS

²¹ t.d. S. Ackermann, *Christliche Frauen in der DDR* (2005) s. 114.224.328

2.2 Stasi – Ministerium für Staatssicherheit (MfS)

MfS var den hemmelege etterretningstenesta i DDR, på folkemunne kalla Stasi, som i stort omfang overvaka eigne innbyggjarar og andre som var av interesse. Overvakinga i DDR var større enn KGBs i Russland, tal tilsette og andre medarbeidarar var enormt. MfS var SEDs viktigaste verkemiddel for å halde på makta, ”Schild und Schwert der Partei”, og er kanskje meir SED-sicherheit enn Staatssicherheit. MfS var ei sjølvstendig eining, ikkje kontrollert av andre statsapparat, hadde militær struktur og var væpna. Sjefen, som frå 1957 var tidlegare statssekretær Erich Mielke, hadde difor svært mykje makt i staten. Tenesta var oppdelt i 15 *Bezirksverwaltungen (BV)*²², 209 *Kreisdienststellen*, *Objektdienststellen* (store bedrifter og høgskular) og dei hadde eit stort nettverk, som overvaka og spreidde angst, til disposisjon.²³ Sidan mange regimekritikarar, fiendar inne i staten, ikkje gjorde noko som juridisk sett var gale, måtte MfS ta seg av desse. Alle borgarar var ein potensiell tryggleiksrisiko, og terskelen for å bli registrert var svært låg. Å ha parkert bilen i nærleiken av eit kyrkjearrangement eller noko anna ”tvilsamt”, kunne vere nok. MfS framstod som ei ubegripeleg overmakt. Den var overalt, og innbyggjarane vart umyndiggjorde. Mange var redde og kunne lett blitt psykisk øydelagde, og for nokre har nok MfS forårsaka fysiske og psykiske skader, som kanskje aldri vert lækte. Barn og unge fekk ikkje vere i fred, for MfS var også aktiv blant ungdom.²⁴ MfS kunne arrestere og hadde berykta fengsel og avhørslokale med tortur som vanleg verkemiddel, t.d. *Hohenschönhausen* i Berlin, eit fengsel som MfS overtok frå Sovjet. Arresterte vart transporterte i bilar kamuflerte som mjølkebilar eller andre forretningskøyrety, og dei tok gjerne ein omveg slik at ein ikkje skulle finne ut kor dei var eller hadde vore. På kart var det store kvite flekkar der MfS heldt til.

Overvaking og kontroll

Informasjon vart innhenta på mange, dels fantasifulle, måtar og metodane kunne også trå over grenser i forfatninga. Samarbeid med andre departement og etatar som t.d. politi og tollvesen var vanleg og ofte naudsynt for å få gjennomført ønskte oppdrag,²⁵ t.d. kunne passkontrollen i skjul fotografere alle passa. Det vart samla material via konspirativ teknikk, post vart kontrollert og telefonsamtalar og rom avlytta. Film og skjult fotografering med kamera eller

²² Nyorganisering: I 1952 vart dei 5 Länder til 14 Bezirk (største fylkeskommunale forvaltningseining i DDR (Lingua, Tysk-Norsk ordbok (1997))) og 217 Kreisen. MfS tok også i bruk denne nyinndelinga, men skilte ut stor-Berlin til eige.)

²³ BStU – Außenstelle Potsdam, Angebot für Schulen s. 26

²⁴ R.-K. Pahnke, „Jugend zwischen FDJ, SED und MfS.“ *Beschädigte Seelen*. (2007) s. 45

²⁵ BStU – Außenstelle Potsdam, Angebot für Schulen s. 26

anna avlyttingsutstyr kamuflert t.d. i tømmerstokkar, knapphol, bøker, termosar e.l., var andre verkemiddel for å holde innbyggjarane under kontroll. For å sikre spor vart det også teke luktprøver. Ved ikkje å vidareformidle post kunne MfS avslutte kontakt mellom folk, og i mappene har fleire etter at Muren fall funne brev dei aldri fekk. Til saman var det svært mykje informasjon staten fekk i hende, og for å få til dette var dei avhengig av store mengder medhjelparar.

Inoffizielle Mitarbeiter

Inoffizielle Mitarbeiter (IM) var kanskje MfS viktigaste verkemiddel ute blant folk flest og MfS hadde eit stort nett med slike personar som rapporterte. (Til ei kvar tid var det mellom 160 000 og 180 000 IM i aksjon og hausten 1989 var det kring 173 000.) Oppdraget var å tyste på familie, vener og kollegaer. Det mest interessante var gjerne folks omgangskrins, kyrkjelege/politiske aktivitetar, engasjement i freds- og miljørørsle og formål ved utreise. Spesielt interessant var også overvaking av ungdom som vart rekna som Partiets kampreserve, og overvakinga kunne byrje allereie i barnehagen. Barn og unge vart registrerte mtp seinare innsats for MfS.²⁶ Elles kunne jobben gå ut på å overprøve eller bruke informasjon i t.d. diskusjonar, hjelpe andre til nøkkelposisjonar eller hemne folk, skaffe intern informasjon, påverke, hindre eller medverke til vedtak, utan at nokon skulle forstå at MfS stod bak eller merke samanhengen. Det var ikkje alltid IM sjølv heller forstod kva som var målet med operasjonane dei var sette til å gjennomføre. Dei valde sjølv dekknamn og innsatsen kunne gå over lang tid. Politisk overtyding, håp om fordelar som t.d. skuleplass for barna, høve til å reise, telefontilgang, byggjematerial m.m., eller frykt for sanksjonar låg gjerne til grunn for å bli verva til IM.²⁷ Ein annan variant var ufrivillig å bli pressa til det. Dette var vel og merke mest brukt i starten, sidan det tok så lang tid å planleggje ei slik form for verving.²⁸ Også barn og ungdom var verva, og ein trur om lag 10 prosent av IM var ungdomar under 25 år.²⁹ Flesteparten av desse var rekrutterte under militærtjeneste eller som studentar. Ein strategi MfS brukte, var å framstå som ven og hjelpar.³⁰ Dei som var verva måtte forplikte seg til ikkje å snakke med nokon om det, og gjorde dei det, var dei ubrukelege som informantar. Det

²⁶ BStU – A. P. Angebot für Schulen s. 27 og forordet til ”Übersicht über die Karteien des MfS in der Außenstelle Potsdam

²⁷ BStU – Außenstelle Potsdam, Angebot für Schulen s. 27

²⁸ G. Besier, *Pfarrer, Christen und Katholiken* (1992) s. 76

²⁹ J. Gieseke, *Der Mielke-Konzern* (2001) s. 123

³⁰ F. Schorlemmer *Worte öffnen Fäuste* (1992) s. 132. Kort om slik strategi også i R.-K. Pahnke, „Jugend zwischen FDJ, SED und MfS.“ *Beschädigte Seelen*. (2007) s. 46

fanst også mange modige menneske som avviste samarbeid med MfS av samvitsgrunnar. Nokre av desse levde med livslang angst for represaliar.³¹

Stasiarkivet – ei viktig historisk kjelde

Då det nærma seg slutten for DDR, og det vart klart at alt materiale ville verte tilgjengeleg, øydela MfS mykje, men grunna DDR-borgarars iherdige innsats, t.d. gjennom storming av MfS-lokala, er mykje også teke vare på, og folk kan få tilgang til mappene sine.

Det var dei såkalla Gauck-behörde, leia av presten Joachim Gauck, som fekk i ansvar å forvalte Stasimappene etter Murens fall. Det varierer i kva grad folk ønskjer innsyn, men mange får her forklaring på mykje dei kan ha lurt på. I mappene har ein mykje godt kjeldemateriale til å forstå DDR, men det må ikkje setjast likskapsteikn mellom det ein kan lese ut frå mappene og DDR-røynda. Livet var meir samansett, mangfaldig, fargerikt og motseiande enn som så, og overdrivingar kunne skje viss ein IM t. d. ville imponere overordna. IM leverte informasjon, og dei var gjerne ute etter stoff som kunne hjelpe dei sjølve. Røynda er ikkje slik at IM sprang etter folk til ei kvar tid.

2.2.1 Stasi og kyrkja

IM fann ein blant alle samfunnsgrupper, også i kyrkjeleiinga, men dei tilsette i MfS skulle ikkje ha noka kyrkjeleg tilknytning.³² *Hauptabteilung* (HA) V med m.a. ansvar for kyrkje, vert grunnlagt i 1954 og snart vert denne bygd ut og kyrkja kjem under eiga avdeling HA V/6. Under denne sorterte det kyrkjelege fram til 1964 då det blir HA XX med kyrkjeavdeling HA XX / 4.

Viss kyrkjeleiinga kritiserte DDR-leiingas framgangsmåte, vart dei stempla som ”reaksjonære”, og det medførte MfS-innsats. Dei færraste var naive, men gjekk ut frå at etterretningstenesta var godt informert om alt som skjedde. MfS hadde sjølvstilt interesse for alle råd og utval i kyrkja, og var nok involvert i det meste av kyrkjelege prosessar og til stades i ei eller anna form på møte og arrangement. Dei hadde også IM i kyrkja i Vest. Samtalane mellom statens tenestemenn og representantar frå kyrkja vart utnytta av MfS, som ofte var inne i førebuinga av desse. Teologistudentar vart sett på som ei svært viktig gruppe for rekruttering av IM og mange kontaktar, god mobilitet og langsiktig perspektiv, var nokre grunnar for dette. På universiteta var det eigne program for rekruttering, medan *Kirchliche*

³¹ t.d. S. Ackermann, *Christliche Frauen in der DDR* (2005) s. 279

³² G. Besier, *Pfarrer, Christen und Katholiken* (1992) s. 37

Hochschulen vart sett på som ”operative Schwerpunkte” då dei var vanskelegare tilgjengeleg enn dei offentlege universiteta.³³ Det var ikkje berre at folk kunne bli verva *som* studentar, nokre vart faktisk også verva *til* studentar. Dvs at det fanst studentar som byrja studere teologi fordi dei var medarbeidar for MfS. Dette for å kunne utøve innverknad på kyrkja.

Kyrkjeleg ungdomsarbeid stod i heile SED-tida under MfS-kontroll. I starten var særleg institusjonar som vendte seg til ungdom, overvaka. Det ”skumle” med studentkyrkjelydar, som eg kjem tilbake til, var at dei ikkje berre var for teologistudentar, men også studentar som studerte andre vitenskapar og på sikt skulle ta over leiinga i partiet. Det var ”farleg” for staten om akademikarar og studentar kom under kyrkjeleg påverknad, og det gjorde m.a. studentkyrkjelydar til veldig viktige mål for MfS sitt arbeid.³⁴ Opposisjonelle grupper i tilknytning til kyrkja på 80talet, var også i MfS sitt søkelys.

Barn kunne bli brukte for å stogge foreldras opposisjonelle verke. I vaksen alder kunne dei få problem som følgje av noko foreldra hadde gjort og i verste fall kunne dei risikere å bli tekne frå foreldra. Somme foreldre levde i frykt for at så skulle skje.³⁵

Langsiktige verknader av å vere litt på kant med systemet, med det det kunne innebere av periodar utan arbeid (oppseiingar, arbeidsforbod, omplassering m.m.), kan i ettertid sjåast som mindre pensjon noko som viser kor truga livet som open kristen kunne vere.³⁶

MfS og sjelesorg

MfS kunne på ulikt vis vere tema i sjelesorg, og der hadde prestane ei viktig oppgåve. Presten kunne oppmode konfidenten om å seie til MfS at dei hadde prata saman. Då vart dei uinteressante, og oftast fekk det ikkje følgjer for den aktuelle informanten. Andre tilfelle var folk som kom fordi dei følte seg mistrudd av andre i kyrkjelyden³⁷, personar andre mistenkte for å jobbe for MfS, men som kanskje ikkje gjorde det. Å bli skulda for å ha gjort eller vere noko ein ikkje er, er sjølvsagt ei fæl belastning, og MfS var såleis ei utfordring for samhald i kyrkjelyd og samfunn.

³³ G. Besier, *Pfarrer, Christen und Katholiken* (1992) s. 70f

³⁴ Same verk s. 72

³⁵ S. Ackermann, *Christliche Frauen in der DDR* (2005) s. 332

³⁶ Same verk s. 277f

³⁷ R. Höppner, *Bleiben, wohin uns Gott gestellt hat* (2004) s. 122

2.3 *Dei tøffe 50-åra*

DDR vert oppretta

Då Sovjet forlét det allierte kontrollrådet 20. mars 1948, vart rådets arbeid nedlagt, utan at det formelt sett vart oppløyst. Sidan avgjerdene måtte takast einstemmig, vart rådet nemleg ikkje vedtaksdyktig. Vest knytta seg meir og meir til dei allierte og det tæra på det dei hadde felles. Ein av grunnane til at dei trekte seg ut, var innføring av valutareform i Vest-Berlin, utan at det var kome til semje om det i kontrollrådet. Berlin-blokaden var eit faktum, og i nesten eit år vart alt som trengdes i Vest-Berlin flydd inn via den såkalla ”*Luftbrücke*”.

I 1947 hadde Sovjetunionen avvist Marshallplanen. Då måtte dei sjølv ordne forholda i Aust og innførte planøkonomi. Det kom som ein reaksjon på det dei såg på som USA sitt forsøk på å styre og utvikle Europa. Saman med omgjerding av fagforeiningar til *Massenorganisatione*, einsretting av partisystemet og at dei valde å vere ”*Partei neuen Typus*”,³⁸ resulterte dette i at Aust tok eit langt steg vekk frå utviklinga i vest. Ved innføring av planøkonomi bytta også regimet til ein gjenoppbyggingsstrategi for Aust-tysk industri, i staden for ei omsynslaus demontering dei hadde drive med til no.³⁹ Ulik valutareform førte til store skilnader i levestandard, og mange flytta frå Aust til Vest. Europa utvikla seg altså i ulike retningar både politisk og økonomisk, og det meste låg til rette for ei deling. Tidleg i 1948 hadde både Grotewohl og Stalin sagt at så kom til å skje,⁴⁰ men på slutten av året herska det tvil om Aust ønskte samanslåing eller eigen stat.⁴¹ USA meinte det gjekk mot ein eigen stat, noko Aust nekta for. Men når Vest etter kvart ikkje ville vente lenger og grunnla BRD, var det klart at DDR også ville kome. 7.oktober 1949 vart DDR grunnlagt og staten si første forfatning iverksett.

Kyrkja sine rettar

Kyrkjeartiklane i forfatninga, artikkel 41 – 48,⁴² er liberale og skal sikre m.a. trusfridom, rett til religionsundervisning og til å uttale seg om ”*Lebensfragen des Volkes*”. For å setje gjennom denne retten freista den evangeliske kyrkja å kommunisere med viktige, ansvarlege statlege instansar på alle nivå med krav om samfunnsmessig medansvar for folkets ve og vel i og utanfor DDR-samfunnet, anten gjennom samtalar, offentlege talar, synodar eller

³⁸ U. Mähler, *Kleine Geschichte der DDR* (2004) s. 47

³⁹ Same verk s. 48

⁴⁰ Same verk s. 30.34f

⁴¹ Same verk s. 52

⁴² Vedlegg 1

kyrkjepresse.⁴³ Den 28. april 1950 møttest statsminister Grotewohl og biskopar i den evangeliske kyrkja til den første store samtalen mellom kyrkja og SED-staten. Kyrkja ønskte ”*Wiederaufbau des deutschen Volkes in Frieden und Freiheit*”, og regjeringa lova at kyrkjeleg arbeid skulle få kome til uttrykk i forfatninga i regionane slik det hittil hadde vore.⁴⁴ Det tok likevel ikkje lang tid før mange av kyrkjens rettar i forfatninga vart krenkte.

Som ein reaksjon på at kyrkja avviste vedkjenning til den sosialistiske staten og utøvde kritikk mot staten sine diktatoriske metodar, skjerpa SED kyrkjepolitikken i 50åra.

2.3.1 „Aufbau des Sozialismus“ – vanskeleg tid for Junge Gemeinde

Walter Ulbricht vart valt til generalsekretær i juli 1950. Han la seg på ei stalinistisk linje, det var ikkje tale om eigen „tysk“ sosialisme. Leiinga var hard og kvitta seg med ei rekkje partifolk som var for sjølvstendige. 9. – 12. juli 1952 finn den andre SED-Parteikonferenz stad, og vedtek ”*Aufbau des Sozialismus*” for å få fortgang i prosessen med å forme DDR etter sovjetisk mønster. Dette skjedde etter at Ulbrichtleiinga hadde blitt skuffa over BRDs integrasjon med dei vestlege allierte.

I kjølvatnet av ”*Aufbau des Sozialismus*” vart levekåra i Aust dårlegare. Forfølging av opposisjonelle, dårleg rettsvesen og reiseforbod var konsekvensar. Reaksjonære borgarlege krefter, som også inkluderte kristne, og deira innverknad, skulle fjernast.⁴⁵ Vedtaket førte til skjerpa klassekamp, og kollektivisering av landbruket, og dette vart kanskje til den største konflikten med kyrkja i heile DDR-perioden.⁴⁶

Kristen i utdanningssystemet

Om kyrkjepolitikken hadde vore mild i starten, hardna han til på slutten av Stalin si levetid (åra 1949-53). Særleg galdt dette ungdomsarbeidet sidan Staten freista å hindre kyrkjens påverknad på dei unge. Styresmaktene nekta for retten til religionsundervisning, nedfelt og garantert i forfatninga, og forbaud dette frå årsskiftet 1953, som resultat av at utdanningssystemet skulle tilpassast det sovjetiske. Skulen skulle formidle marxisme-

⁴³ H. Dähn, „Der Weg der Evangelischen Kirche in der DDR – Betrachtung einer schwierigen Gratwanderung“, *Die Rolle der Kirchen in der DDR.* (1993) s. 13f

⁴⁴ R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 188

⁴⁵ H. Dähn, „Der Weg der Evangelischen Kirche in der DDR – Betrachtung einer schwierigen Gratwanderung“, *Die Rolle der Kirchen in der DDR.* (1993) s. 9

⁴⁶ R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s.41 og BStU chronik på <http://www.bstu.bund.de>

leninismens ”vitskaplege verdsbilete”, og det skulle ikkje lenger vere rom for kristne verdiar og normer i opplæringa. Desse åra vart det auka press på lærarar og elevar, og mange lærarar som ikkje var særleg begeistra for systemet, drog over grensa i 52-53.⁴⁷ For elevar var det ofte ubehagelege situasjonar i skulen og problem med å få Abitur⁴⁸ og dermed tilgang til vidare utdanning. Åra som kristen elev på *Erweiterte Oberschule* EOS var ei tid med store belastningar. Der vart det tøffare å vere religiøs og skulle forsvare sine standpunkt enn på lågare skuletrinn.⁴⁹ Når ein ser i kva grad utdanning spelar inn på heile livet, vert innskrenkingane svært alvorlege.⁵⁰ Å få studieplass var ikkje berre avhengig av karakterar. Ein elev med dårlegare resultat kunne kome inn medan ein med toppkarakterar ikkje fekk plass, og alle forstod at det låg andre ting bak. Prestebarn kunne lett bli isolerte og lærarar som ønskte karriere eller gode attestar undertrykte, og slike barn kunne bli hengde ut medan skuleleiinga høyrde det. Liknande kunne òg skjje i arbeidslivet. Prestebarn kunne dels kompensere, då dei ofte kunne relativt mykje. Prestane var flinke til å formidle så det var mange dyktige prestebarn med ein god dose allmennkunnskap. Men DDR var som nemnt innleiingsvis lite homogent, og korleis prestebarn og andre kristne hadde det kunne variere frå år til år og stad til stad, jf og *lokale variasjonar* s. 9.

Press på kyrkja

Ein ting var skulen, men også i fritidsaktivitetar ville styresmaktene ha religionen ut. Kyrkjelege arrangement som t.d. leirar vart forbode eller strengt regulerte. Politikarane ønskte kort og godt å minke kyrkjas påverknad på samfunnet og framskande fjerninga av religion. Ulbricht sa sjølv at dei ikkje hadde til hensikt å drive kyrkjekamp, men gjekk til åtak på kyrkja når ho sympatiserte med opposisjonelle. Det var motstandsørsla som var problemet, og kyrkja hadde medansvar for motstandskamp.⁵¹ Kyrkjeleg eigedom og diakonale institusjonar vart kverrsette, gudstenester uroa og kristen tru latterleggjort.⁵² Det hende også at kristne vart uthengde i presse og på forsamlingar.

⁴⁷ S. Ackermann, *Christliche Frauen in der DDR* (2005) s. 226

⁴⁸ Tilsvarande artium/avsluttande eksamen ved vidaregåande skule

⁴⁹ t.d. S. Ackermann, *Christliche Frauen in der DDR* (2005) s. 223

⁵⁰ Same verk s. 277

⁵¹ G. Besier, *Pfarrer, Christen und Katholiken* (1992) s. 7

⁵² J. Heise, „Kirchenpolitik von SED und Staat“, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 129

Tiltak mot Junge Gemeinde

Som nemnt var ungdommar partiets kampreserve, men dei var ikkje så ideologisk sterke og dermed ein mogleg innfallspurt for fiendens åtak. Menneskebiletet var nesten svart-kvitt. Anten var du med, eller så var du mot. Staten forlanga tilpassing og ungdommar som motsette seg partiets konvensjonar var potensielle fiendar. Den som ikkje var med i FDJ, kunne bli sett på som fiendtleg-dekadent og forfølgd som asosial. Også upolitiske forsøk på å frigjere seg frå dei strenge rammene og kravet om tilpassing, vart sett på som fiendtlege. Politisering av normal åtferd, og skarpe reaksjonar på sjølv det minste avvik frå idealet, kunne vere ein grunn til at DDR-ungdom tidleg kom i opposisjon til regimet. Kanskje er det på grunn av dette oppslutnaden i ”*Junge Gemeinde*” JG var så stor.

Grunna mykje aktivitet i JG og ”*evangelische Studentengemeinde*” (ESG) og det at mange heldt seg unna FDJ, vedtok Politbüro i januar 1953, på bakgrunn av SED-konferenz året før ein detaljert tiltaksplan for ”*Bekämpfung der Jungen Gemeinde*”. På våren var det massive framstøyt ovanfor JG og ESG grunna m.a. påstått agentverksemd. Ein pressekampanje i ”*Junge Welt*”⁵³ stod i sentrum og kampanjen kom med skarpe åtak på JG og skulda dei for å vere ein veststyrt ”*Tarnorganisation für Kriegshetze, Sabotage und Spionage*”⁵⁴, som dreiv illegal agentverksemd under religiøs forkledning. Kampanjen fór med ulike typar løgn. M.a. var det artikkelar om folk som melde seg ut av JG, noko som ikkje var mogleg. Ein kan melde seg ut av kyrkja, men ikkje JG, då det aldri var snakk om medlemsskap der. Prestar, andre kyrkjelege medarbeidarar og ungdommar aktive i JG og ESG vart utsette for arrestasjonar og straffeforfølgning, og mange mista jobb eller skuleplass. Over 3000 elevar og studentar vart viste bort frå studiestadane sine,⁵⁵ sjølv om forfatninga frå 1949 også ”garanterte” rett til fri religionsutøving. Det vart forbode å gå med kulekrossen, kjennemerket på JG, og JG vart erklært illegal, sjølv om det ikkje var nokon organisasjon, men ei samling av ungdommar i kyrkjeleg ramme og del av ein kyrkjelyd.

⁵³ FDJ-blad

⁵⁴ *Forschungs- und Gedenkstätte Normannenstraße*

⁵⁵ R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 189

2.3.2 Kursending

Stalin døyr i mars 1953. Hans død og den raske oppbygginga av sosialismen førte til ein knekk dette året. I Moskva har KPdSU møte med sentrale personar i SED i starten av juni og dei kjem med ei hemmeleg rettleiing til SED for betring av forholda i DDR. Dei meinte DDR-partiet skada Sovjets tysklandspolitikk, og dette var i ei tid der firemaktene diskuterte gjenforening til eit nøytralt Tyskland. Det var ein uklar mellomperiode, der heller ikkje kommunistpartiet visste kva direktiv dei skulle få frå Moskva. Sjå også side 14. Den nye leiinga i Moskva instruerte med dette SED-Politbüro til å avbryte sosialismeprogrammet med sine svært så strenge tiltak og verkemiddel. Statens omgang med kyrkja var her eit viktig aspekt.⁵⁶ KPdSU-dokumentet inneheldt også retningslinjer for den framtidige forma på kyrkjepolitikken til SED. Administrativ-repressiv behandling skulle erstattast med ideologisk arbeid. Strategien skulle vere å ”vinne” den kristne befolkninga gjennom god politikk, med gjennomtenkt opplysnings- og kulturarbeid.⁵⁷ Represaliar vil berre styrke den religiøse fanatismen. På eit ekstraordinært møte i *Politbüro* 6. juni gir statsministeren grønt lys for forhandlingar med kyrkja og ingen vidare tiltak mot JG eller kyrkjelege institusjonar.⁵⁸ Nokre dagar seinare tek *Politbüro* sjølvkritikk og forkynner ein ”*neuen Kurs*” Dei tilstår her store feil, også mtp kyrkja, men røpar ikkje bakgrunnen for dette. Tiltak i samband med „*Aufbau des Sozialismus*“ vert trekte tilbake, t.d. fekk eigarane av små, private firma desse tilbake. Forholda i DDR kunne ikkje heilt samanliknast med dei i Sovjetunionen, då det som kunne fungere overfor den russisk-ortodokse kyrkja ikkje nødvendigvis kunne brukast overfor ei protestantisk fleirtalskyrkje. Ingen andre land der sosialismen er blitt (forsøkt) innført har vore så prega av protestantisme, og dette var truleg ikkje teke i betrakning i utarbeidinga. Kyrkja hadde gjennom historia hatt både åndelege og politiske maktposisjonar og den einskilde med sitt samvit, altså det individuelle, spelte ei større rolle enn i andre kyrkjefamfunn.⁵⁹ Den 10. juni inviterte statsminister Grotewohl EKD til samtale der m.a. han, Wilhelm Zaisser (MfS-minister) og biskop Dibelius deltok. Grunnen, fekk dei ikkje vite før mykje seinare. Samtalen skulle føre til slutt på forfølginga, omfattande rehabilitering og gjenoppetting av tidlegare rettar for førebels å leggje krisa på is, og forfatninga skulle respekterast. Studentar fekk studere vidare, elevar avleggje eksamen og arresterte sleppe fri.

⁵⁶ R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 20

⁵⁷ Same verk s. 21 og 189

⁵⁸ J. Heise, „Kirchenpolitik von SED und Staat“, *Kirchen in der Diktatur*, (1993), note 7

⁵⁹ Same verk s. 141

Forsøk på avkristning

Det kunne sjå ut som om det skulle vere slutt på Statens kamp mot kyrkja, og ein kort periode var det betre, men allereie året etter vedtok SED-Politbüro ”*Die Politik der Partei in Kirchenfragen*”, som innebar å utvide SEDs og minke kyrkjjas innverknad på det ideologiske feltet.⁶⁰ Dette kom som resultat av at den førre strategien ikkje hadde fungert og at dei no søkte ein ny, meir langsiktig plan. M.a. tenkte dei her på innføringa av *Jugendweihe*, som vart ei ny belastning på kristne. Med ateistisk propaganda og innføring av erstatningsritar, (forutan den nemnte *Jugendweihe*, sosialistisk namngjeving, vigsel og gravferd) freista partiet å avkristne folket.⁶¹ Diskriminering av kristen ungdom fann stad heile tida, men avtok i styrke i 70åra, utan nokon gong å forsvinne heilt. JG og ESG hadde framleis problem, trass ”*neuen Kurs*” i juni, og det kom til ytterlegare arrestasjonar og dommar. Det galdt t.d. forbod mot diverse kyrkjeleg ungdomsarbeid og vanskar med skuleplass for aktiv, kristen ungdom. At nokon var kristen var oftast i seg sjølv ikkje offisiell grunngeving for utestenging frå skulen, heller det styresmaktene såg på som antisosialistisk trass.⁶² Å avvise sosialismen var det same som å vere fiende, jf 2.1., og det ”rettferdiggjorde” tiltaka. Om barna hadde søsken som hadde sagt klart nei til ein del vilkår, kunne det bli lettare for dei yngre å få ”aksept” for sine val. Også gode karakterar og fagleg dugleik kunne dels kompensere for ikkje å ha delteke ved JW eller ha medlemskap i FDJ. Hadde ein hatt problem i skulen, kunne ein vente tilsvarande i arbeidslivet, og der *kunne* det gå så langt at det vart direkte mobbing dersom ein borgar ikkje følgde straumen ved å ta del på sosialistiske arrangement og ha medlemskap i partiet. Som i skulen kunne det gjelde at dersom nokon var dyktig i arbeidet sitt, kunne det kompensere.⁶³ JG vart verande aktiv, og tilbød unge menneske rom for statleg uavhengige aktivitetar heilt til Muren fall.

På KPdSUs XX. Parteitag i Moskva 14. - 25. Februar 1956 krev Krustsjov avstalinisering og denne kongressen markerer tydeleg starten på dette i dei statsosialistiske landa.⁶⁴

⁶⁰ R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 22

⁶¹ R. F. Goeckel, ”Der Weg der Kirchen in der DDR”, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 156

⁶² S. Ackermann, *Christliche Frauen in der DDR* (2005) s. 224

⁶³ Same verk s. 116.277f

⁶⁴ R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 191 og BStU

2.3.3 Jugendweihe

Midt på 50-talet fekk altså konfirmasjonen ein konkurrent i den såkalla ”*Jugendweihe*”⁶⁵ (JW) som tok over funksjonen som overgangsrite frå barn til vaksen. Dette var ikkje noko heilt nytt dei kom på, ein finn spor etter tilsvarande tilbake til midt på 1800-talet. Omgrepet er nemnt første gang i 1852⁶⁶, men JW fekk no eit noko anna preg. Dette var ein tydeleg statleg politikk for å hindre kyrkjias innverknad på ungdommar, og i staden for å fortrenge det kyrkjelege tilbodet på andre måtar, vil dei prøve overby det. Det skulle vere ein rite for alle uavhengig av politiske og religiøse meiningar, men undervisning og boka ”*Erde und Mensch*” som ofte vart brukt, var svært antikristeleg. Etter kvart fekk kyrkja gjennom nokre krav til endringar når det galdt akkurat det. Riten medførte ei kraftig svekking av det som kunne sjåast på som ei folkekyrkje, og resultatet vart merkbart både lokalt og nasjonalt når det galdt oppslutnad.

Kyrkja sin reaksjon

Staten såg på JW som ei vedkjenning til seg, noko som også vart venta av kristne. Kyrkja avviste den ateistiske grunnhaldninga i opplæringa, og tok avstand frå ritualet og meinte i starten at lojalitetserklæring og vedkjenning til ein ateistisk stat ikkje var i samsvar med det konfirmasjonen stod for. ”*Evangelische Kirche in Berlin – Brandenburg*” (EKiBB) kjem med ei erklæring om dette, og den katolske kyrkja reagerer ved å offentleggjere eit hyrdebrev mot JW. Dibelius m.fl. ber kristne lærarar nekte medverknad ved JW. Ein måtte då velje mellom å avgi lovnad til staten eller vedkjenning til kyrkja. Det kunne vere eit vanskeleg val, og avgjerda i spørsmålet om JW eller konfirmasjon vart ei stor belastning på ungdommar, foreldre og kyrkjelyd. Etter kvart vart dette standpunktet kraftig oppmjuka og lokalt var det ulik praksis, nokre feira både JW og konfirmasjon.⁶⁷

Etter Krustsjovs tale i februar 1956, nemnt førre side, roa det seg litt ideologisk og fleire sentrale politikarar ønskte då imøtekomme kyrkja sine ønske, m.a. om å flytte JW frå skuleslutt, og ikkje bruke ordet ”*weihe*”. Uro i andre europeiske land, og Ulbrichtleinga si angst for ideologisk oppmjuking førte til at diskusjonen om JW fekk ein brå slutt ved

⁶⁵ „Festakt zur Aufnahme der vierzehnjährigen Jungen und Mädchen in die sozialistische Gesellschaft“ DUDEN (2007)

⁶⁶ D. Vorsteher, Parteiauftrag: Ein neues Deutschland. (1997) s.. 275. Tilrår heile artikkelen ss. 274 – 285 for meir utfyllande og spennande informasjon om dette.

⁶⁷ D. Linke, *Niemand kann zwei Herren dienen. als Pfarrer in der DDR.* (1988) s. 83

Politbüro-vedtaket 27. november 1956: ”Am Charakter der Jugendweihe wird nichts geändert. Die atheistische Propaganda wird gemildert”⁶⁸.

Mellom barken og veden

Kristne foreldre som meinte barna burde ta JW, kunne ha fleire grunnar for det. Å halde seg unna ville gå utover både foreldre og barn t.d. i form av problem i arbeidslivet og utsikter til utdanning. Om foreldra var mot, kunne likevel utdannings- og sosiale interesser medføre at ungdommen fekk lov å vere med på JW. Mange let ungdommane ha ein finger med i spelet, men det var i stor grad foreldras innverknad og deira vilje som låg til grunn.⁶⁹ Nekting for JW (og FDJ o.l.) vart ikkje berre grunngeve ut frå eit kristent livssyn. Forfatninga og det at dei ikkje braut noka lov, vart også brukt, og det hende foreldre lukkast med denne argumentasjonen!⁷⁰ Spørsmålet var vel heller om ei nekting var verdt konsekvensane sjølv om konsekvensane for ikkje å delta på JW vart færre etter kvart.⁷¹ Mange såg på det som noko ubetydeleg og let vere å feire JW. Slik vart det heile marginalisert. JW var kjenslemessig verre for ungdommen som måtte avleggje lovnaden, enn for foreldra. I ettertid ser fleire vaksne at dei kanskje gjorde barna urett, forlanga for mykje av dei med tanke på det psykiske presset dei vart utsett for. Andre ser stolt tilbake på motstanden.⁷²

2.3.4 Opprør og dobbelstrategi

Tilbake til 1953. Livs- og arbeidssituasjonen til borgarane vart forverra som følgje av Ulbrichts stalinisering, og på våren vart vilkåra for arbeidarane i landet svekt. M.a. hadde det med innføringa av planøkonomi kome krav om stadig auka produktivitet. Sjølv om ”*neuer Kurs*” er introdusert, med oppheving av ei rekkje administrative vedtak, var ikkje det nok til å hindre det som skulle komme til å skje. For den 16.juni går byggjearbeidarar i Aust-Berlin til streik. Dagen etter er det folkeopprør i byar og kyrkjelydar i heile DDR, over ein million menneske tek del. No gjeld det ikkje berre betre arbeidsvilkår. Demonstrantane krev fridom for politiske fangar, gjenforening og frie val.⁷³ Sovjetarméen gjev det heile ein blodig slutt ved å setje inn troppar som slår ned opprøret og reddar den sitjande regjeringa.

⁶⁸ J. Heise, „Kirchenpolitik von SED und Staat“, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 130

⁶⁹ S. Ackermann, *Christliche Frauen in der DDR* (2005) s. 170f

⁷⁰ Same verk s. 329f

⁷¹ Same verk s. 169

⁷² Same verk s. 331

⁷³ http://www.bstu.bund.de/nn_712108/DE/MfS-DDR-Geschichte/17-juni-1953/17-juni_node.html_nnn=true

Delinga og skiljet mellom Vest og Aust vart enda tydelegare då statane i mai 1955 vart medlemmar av høvesvis NATO og Warszawapakta. No var ikkje Tyskland lenger berre delt statleg og ideologisk, men også i to fiendtlege militære alliansar. Dermed tok dei eit langt steg vekk frå ei statleg, tysk eining.

Dobbelstrategi

SEDs tredje Parteikonferenz i mars 1956 hadde vedteke „Kirche auf” *Kulthandlungen in der Kirche*“ zu beschränken“.⁷⁴ Dette medførte ein dobbelstrategi for kyrkjepolitikarane dei komande åra. På den eine sida ønskte styresmaktene å inkludere kyrkja, medan dei på den andre sida sterkt ville avgrense kyrkjas innverknad.⁷⁵ Dei vart irriterte over ein avtale mellom EKD og BRD om militærsjelesorg, då den kom i 1957, ein avtale som bidrog til forverring av forholdet mellom stat og kyrkje i DDR⁷⁶. SED ønskte eit klart skilje mellom stat og kyrkje og fjerne kyrkjeleg innverknad. Samstundes synte dei vilje til kompromiss og forhandlingar med lovnad om betre vilkår for kristne i DDR, altså vere både uavhengig og imøtekomande.

Avgrensing av kyrkja

På EKD-synode 27.-29.juni 1956 vart det m.a. sagt at administrative tiltak og sterk polemikk mot kristen tru ikkje utelukkar toleranse i praksis, då det vil vere uklokt å få religiøs fanatisme til å blusse opp ved å skade religiøse kjensler. Det kunne vere trus- og samvitsfridom også i eit land som DDR. Staten påla kyrkja å respektere grensene han hadde sett, og ikkje forlate ”*Raum des Rein-Religiösen*”.⁷⁷ KPD hadde lova å gå inn for å ivareta trus- og samvitsfridomen når eit nytt Tyskland skulle byggjast opp. Ei kyrkje som heldt seg til geistleg verksemd, skulle ha sine rettar sikra. Kyrkja skulle halde seg til sine ”eigentlege” oppgåver og ikkje blande seg inn i statens saker. Viss ikkje hadde staten verkemiddel for motstand mot folk. Men kyrkja ville ikkje godta ei slik sjølvforståing, noko som viser ein tydeleg skilnad mellom DDR og andre sosialistiske statar.⁷⁸

⁷⁴ R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 191

⁷⁵ G. Besier, *Pfarrer, Christen und Katholiken* (1992) s. 29

⁷⁶ J. Heise, „Kirchenpolitik von SED und Staat“, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s.130

⁷⁷ Same verk s. 140.

⁷⁸ J. Heise, „Kirchenpolitik von SED und Staat“, *Kirchen in der Diktatur*, (1993), s. 140f; jf og avsnitt 2.3.2. og 2.5. som nemner den ortodokse.

Skuldingar

Fleire i SED-leiinga ønskte nok ei patriarkalsk leia kultkyrkje, som kunne disiplinere presteskapet og ha medlemmer som støtta gjennom bøn og lydnad. DDR-kritikarar vart mistenkte for å gjennomføre NATO- og vestpolitikk kamuflert av kyrkja. JG vart som allereie nemnt, skulda for å vere ein imperialistisk organisasjon, Dibelius for å vere NATO-biskop som gav prestane i bispedømet politiske retningslinjer i preikene sine og kyrkja for å vere NATO-kyrkje med rom for agentar. Dette hang m.a. saman med den allereie nemnde militærsejlesorgsaka. Trass MfS-minster Zeisser si deltaking i samtalen i 1953, greip Mielke i 1956 tilbake til tidlegare retningslinjer for HA V/6 og omtaler kyrkja som ”*eine legale Position der feindlichen Kräfte innerhalb der DDR*”⁷⁹ med dei følgjer det kunne få mtp MfS sitt arbeid andsynes kyrkja.

Felles kommuniké

Sidan SED ikkje lukkast å få avgjerande innverknad på EKD vart det eit mål å lausrive DDR-kyrkja frå alle vestinstitusjonane. M.a. ønskte DDR-leiinga å få biskopar til å avleggje lojalitetserklæring overfor regjeringa. Dei oppnådde ikkje dette, og regjeringa gjekk då inn for å jobbe for å løyse opp banda mellom dei evangeliske kyrkjene i DDR og i BRD. DDR freista aldri ordentleg å få ei splitting i kyrkja, og få ei sosialistisk kyrkje som konkurrent til den offisielle kyrkja, men Staten grunnla eller brukte organisasjonar, jf dei nemnte ”*massenorganisatione*”, for å setje kyrkjeleiinga under press, og vinne kristne for sosialismen.⁸⁰ Organisasjonane, som hadde få aktive, hadde stort sett liten effekt, men vart behaldne i tilfelle dei kunne vise seg nyttige seinare. Offentleg baktaling av viktige kyrkjerepresentantar og arbeid for å få fram kyrkjeleiarar som respekterte og aksepterte utviklinga i DDR, var andre tiltak. Det vart sett på som kanskje einaste måte å normalisere kontakten mellom staten og kyrkja i DDR. EKD-representantar vart ikkje lenger anerkjent, men Grotewohl kunne møte ein delegasjon der deltakarane måtte vere DDR-borgarar.⁸¹ Det resulterte i fleire samtalar som enda i felles kommuniké 21.juli 1958, med fornya lovnad om trusfridom. I mellomtida (10.-16. juli. 58) hadde SEDs 5. Parteitag komme opp med „*zehn Gebote der sozialistischen Moral und Ethik*“, og erklærer ”*Aufbau des Sozialismus*”-fasen for

⁷⁹ G. Besier, *Pfarrer, Christen und Katholiken* (1992) s. 11

⁸⁰ t.d. Bund evangelischer Pfarrer in der DDR, die Christliche Friedenskonferenz, Das DDR-nationalkomitee.jf. „*Massenorganisatione*“ s. 7. R. F. Goeckel, ”Der Weg der Kirchen in der DDR”, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 169

⁸¹ G. Besier, *Pfarrer, Christen und Katholiken* (1992) s. 13.

ferdig.⁸² Trua skulle ut av det offentlege. Det skulle berre vere rom for ei ateistisk og sosialistisk verdsopfatning. Offisiell grunn var at religion ikkje følgjer vitenskaplege krav. Slik gjorde ikkje kommunikéet tilhøva betre for kristne og betra ikkje den vanskelege situasjon som særleg viste seg innan utdanning.

Dobbelstrategien vart etterkvart delvis erstatta av meir einskapleg kyrkjepolitikk, særleg etter 1978.⁸³

2.4 Deling

Medan 50-åra var prega av spørsmål om kyrkja si samfunnsmessige rolle, er det i 60-åra forholdet til den vesttyske kyrkja som står i sentrum. I byrjinga av 60-talet roar det seg når det gjeld forholdet mellom staten og kyrkja, og vi kan igjen sjå tendensane frå dei første etterkrigsåra der framheving av det felles ansvaret marxistar og kristne har, vert viktig. Det må jobbast saman for oppbygginga av sosialismen. Frå no vart motstanden frå marxistane når det galdt religionen si betydning for borgarane sin kvardag, noko nedtona. Staten si stadige oppmoding i 60-åra om å bryte med vestkyrkja medførte motstand. Kyrkja ville ikkje gje opp samhaldet i EKD, men allereie på slutten av dette tiåret vart likevel ”*Bund der Evangelischen Kirchen in der DDR*” (BEK) stifta, då det vart naudsynt å løyse opp det organisatoriske sambandet med EKD. Det er også interessant at DDR-kyrkja tok initiativ til forbøn i samband med 20.årsdagen til DDR, eit initiativ SED helsar velkomen.⁸⁴

Felles ansvar

Ulbricht, som no er blitt president og som tidlegare har stått fram som sterkt religionsfiendtleg, uttaler 4. okt 1960 at : ”*Christentum und die humanistische Ziele des Sozialismus sind keine Gegensätze*“.⁸⁵ Dette er ei oppmjuking frå hans side, og ei slik understreking av det felles ansvar kristne og marxistar har, var i dei neste åra med i det meste av statlege erklæringar i kyrkjespørsmål. Dette fokuset på fellesskapen mellom kristne og marxistar samsvarar altså lite med ateistiske kampanjar og den omfattande diskrimineringa av kristne i skule og arbeid i 50-åra. Harmonisering prega toppen i partiet og DDR når det galdt samfunnspolitikk, og i kyrkjepolitiske konflikhtar skulda dei no meir på Vesten, og mindre på nasjonale krefter.

⁸² R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 45

⁸³ G. Besier, *Pfarrer, Christen und Katholiken* (1992) s. 29, note 133

⁸⁴ Same verk s. 29

⁸⁵ *Bund der Evangelischen Kirchen in der DDR, Dokumente* (1970) s. 59

2.4.1 Muren vert bygd

Heilt frå tidleg på 50-talet var det vanskeleg å krysse grensa mellom Aust og Vest utanom i Berlin, og mange, særleg unge, nytta høvet og reiste over til Vest-Berlin og eventuelt vidare derifrå, særleg reiste mange i 1953. Etter kvart kom det nye tiltak for å redusere talet på innbyggjarar som drog vestover, m.a. kriminalisering av utreise.

Tvangskollektivisering av landbruket i 1961 førte også til auka flyktningstraum, sjølv om utreise var blitt ulovleg. Flyktningtala auka, og det kunne vere fleire tusen dagleg, berre i juli 1961 forlet 30 000⁸⁶ menneske DDR. Dette trua staten sitt økonomiske grunnlag og trass passreglar og kriminalisering av utreise, tvingar flyktningstraumen DDR til å stenge grensa si. Den 13.8.61 vart grensene til dei vestlege sektorane i Berlin stengde og bygging av muren starta. Dette var overraskande for mange, fordi Ulbricht 15. juni same år hadde uttala at ”ingen har til hensikt å byggje ein mur”.⁸⁷ Staten rettferdiggjorde muren som ”antifaschistischen Schutzwall” mot trugsmål frå NATO-imperialismen. Ingen tvilte likevel på at han var bygd mtp eigne innbyggjarar for å hindre at dei skulle forlate landet, og grensesperringane vart stadig vidareutvikla.⁸⁸ Eit folk vart fysisk innesperra med heilt avgrensa fridom til å forlate DDR, og mange (fortvila) menneske vart drepne i fluktforsøk.

Isolasjon og sjølvstende for kyrkja i Aust

For kyrkja tydde dette isolering frå Vest, men også sjølvstende på mange område. Heile EKD kunne ikkje lenger samlast, og det måtte vere separate møte i Aust og Vest, men noka oppløysing ønskte dei ikkje. Synoden nokre år seinare, i april 1967 stadfesta ønsket om einskap.⁸⁹ SED sitt atterhald galdt no ikkje heile kyrkja, men negative krefter i ho. Arbeidsløysa i DDR var minimal, det var sosial tryggleik, barnehageplass og bustad til alle. Men noko vesentleg mangla, nemleg fridomen ein hadde hatt, t.d. til å reise eller ytre seg. Det var høve til å reise, t.d. for å vitje slekt ved bursdagar, men det var etter søknad. Tilgangen på kunnskap om og informasjon frå landa i Vest, var mangelvare. Nær grensa kunne folk få inn ”vestfjernsyn”, men budde dei lenger unna var det svært lite ein kunne få med seg av det som

⁸⁶ *Forschungs- und Gedenkstätte Normannenstraße*

⁸⁷ ”Niemand hat die Absicht eine Mauer zu errichten”, W. Ulbricht på internasjonal pressekonferanse i Aust-Berlin. Avisa Neues Deutschland.

⁸⁸ *Forschungs- und Gedenkstätte Normannenstraße*

⁸⁹ „Die Kirchen der EKD sind beieinander. Unser evangelisches Bekenntnis weist uns an, kirchliche Gemeinschaft nur dann aufzukündigen, wenn der Bruder in Irrlehre oder Ungehorsam gegen den Herrn der Kirche beharrt. Diese Gründe zu einer Trennung der Kirchen innerhalb der EKD liegen nicht vor.“ „Erklärung der in Fürstenwalde versammelten Mitglieder der EKD-Synode vom 5. April 1967“, *Bund der Evangelischen Kirchen in der DDR, Dokumente* (1970) s. 99

gjekk føre seg i den vestlege verda. Pampane hadde høve til å handle vestvarer i spesielle butikkar, men den vanlege mannen og kvinna i gata hadde ikkje tilgang til ei rekkje varer som for oss er sjølvsgade. Det var lang ventetid for å få seg Trabant.

I januar 1962 vert det innført allmenn verneplikt. Kyrkja sitt engasjement som viktig samfunnsmessig aktør, kjem på dette feltet til syne då det hausten 1964 vart innført ei alternativ teneste som *Bausoldat* (utan våpen).⁹⁰ Her hadde kyrkja lagt press på *Nationale Verteidigungsrat*,⁹¹ og DDR var einaste kommunistiske land som hadde ei slik ordning med *Bausoldaten*.

Korleis forholde seg til sosialistisk statssamfunn?

På bakgrunn av den nye situasjonen som hadde oppstått etter at muren kom, offentleggjorde KKL den 8. mars 1963 ”*Zehn Artikel über Freiheit und Dienst der Kirche*”, der kristne vart oppmoda til å godta det sosialistiske samfunnet som stad for kyrkjeleg teneste og vitnemål, å kunne vedkjenne seg trua i møte med dei styrande sin ideologi utan nødvendigvis å skulle akseptere denne. Forholdet mellom stat og kyrkje og korleis ein kristen skulle forholde seg til samfunnet, kom igjen på bana.

2.4.2 Oppretting av BEK

Ny forfatning

Den 6. april 1968 er det folkerøysting over ny sosialistisk DDR-forfatning, der SED si leiande rolle er forankra og kyrkja sin status redusert til foreining. Den nye forfatninga hadde ei kortare kyrkjepolitisk bolk enn i 1949 og kyrkja og dei kristne sine juridiske forhold vart ikkje betra. Dessutan var tolkinga av forfatninga tilfeldig, og det fanst heller ingen effektiv prøvingsinstans. Retten til å drive religionsundervisning eller å krevje inn kyrkjeskatt var til stades i konstitusjonen av 1968, men administrativt kunne den fjernast. Likevel hadde kyrkja i DDR ei betre stilling enn kyrkjene i Sovjet o.a. land i Aust.⁹²

⁹⁰ H. Dähn, „Der Weg der Evangelischen Kirche in der DDR – Betrachtung einer schwierigen Gratwanderung“, *Die Rolle der Kirchen in der DDR*. (1993) s. 14

⁹¹ Der Nationale Verteidigungsrat der Deutschen Demokratischen Republik hat die Aufgabe, den Schutz des Arbeiter-und-Bauern-Staates und der sozialistischen Errungenschaften der Werktätigen zu organisieren und zu sichern sowie die sich daraus ergebenden Maßnahmen festzulegen. Weitere Aufgaben können dem Nationalen Verteidigungsrat durch Beschluß der Volkskammer oder ihres Präsidiums übertragen werden. (§1.1 i Gesetz über die Bildung des Nationalen Verteidigungsrates der Deutschen Demokratischen Republik.)

<http://www.verfassungen.de/de/ddr/nvrgesetz60.htm>

⁹² R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 60

Svekking av EKD

EKD stod fast på kyrkja sin einskap, men artikkel 39, 2⁹³ i forfatninga hindra i praksis all EKD-aktivitet i DDR, og ein fellesorganisasjon mellom aust- og vestkyrkja var ikkje lenger godkjent etter denne artikkelen. Staten aksepterte heller ikkje lenger EKD som felles forhandlingspartner, men styresmaktene kunne forhandle med dei ulike *Landeskirchen*, noko som også vart gjort. EKD si rolle vart minimal og hadde dermed ikkje lenger funksjon som representant for fellesinteresser ovanfor staten for alle *Landeskirchen*. Biskopane var uroa for å miste si sjølvstende og at *Landeskirchen* ville bli sette opp mot kvarandre. Det førte til opprettinga av BEK seinare på året, men det tok to år før BEK vart anerkjent.

Ein særskild fellesskap

Grunnlegginga av BEK 10.6. 69 var resultat av ein prosess ført på høgare nivå og utan at kyrkjelydane og grunnstrukturane var involverte. Eit formål med opprettinga kan ha vore å overvinne den desentraliserte strukturen kyrkja hadde og dermed styrke forhandlingsposisjonen overfor regimet.⁹⁴ Det samfunnsmessige medansvaret vart det også halde fast ved då kyrkja måtte gje opp den organisatoriske kontakten med vestkyrkjene i EKD og vart BEK. Trass i organisatorisk skilje, heldt kyrkja på den særskilde fellesskapen som ho hadde, og gav ikkje etter for Statens krav om eit ideologisk skilje. Artikkel 4,4⁹⁵ fastheldt dette og understreka fellesskapen, sjølv om Staten var imot. Det var ein del usemje og ulikskapar, men gjenforeningsprosessen mellom BEK og EKD i 1990 gjekk likevel svært kjapt, truleg fordi dei heile tida heldt på det fellestyske. Kyrkjeleiinga var redd for at artikkelen kunne vere innfallspor til vidare infiltrering gjennom vestleg ”NATO-kyrkje”. I denne prosessen var MfS sjølv sagt til stades, men IM klarte ikkje hindre denne teksten, trass hardt politisk arbeid før møta.⁹⁶ BEK skulle vere „*eine Zeugnis- und Dienstgemeinschaft von Kirchen in der sozialistischen Gesellschaft*“⁹⁷ die sich „*in der sozialistischen Gesellschaft der*

⁹³ Sjø vedlegg 2.

⁹⁴ R. F. Goeckel, ”Der Weg der Kirchen in der DDR”, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 163

⁹⁵ „Der Bund bekennt sich zu der besonderen Gemeinschaft der ganzen evangelischen Christenheit in Deutschland. In der Mitverantwortung für diese Gemeinschaft nimmt der Bund Aufgaben, die alle evangelischen Kirchen in der Deutschen Demokratischen Republik und in der Bundesrepublik Deutschland gemeinsam betreffen, in partnerschaftlicher Freiheit durch seine Organe wahr.“ (<http://www.doku-ekd.de/index.htm?/htm/0038/0038379.htm>)

⁹⁶ G. Besier, *Pfarrer, Christen und Katholiken* (1992) s. 24f

⁹⁷ Omgrepet Zeugnis- und Dienstgemeinschaft vart forankra i forskriftene av 10.6. 1969, art 1, 2.. „Der Bund als ein Zusammenschluß von bekenntnisbestimmten und rechtlich selbständigen Gliedkirchen strebt an, in der Einheit und Gemeinsamkeit des christlichen Zeugnisses und Dienstes gemäß dem Auftrag des Herrn Christus zusammenzuwachsen., A. Schönherr: Zeugnis- und Dienstgemeinschaft. In: *Theologischer Lexikon*, Berlin/DDR (1978), s.427.

DDR bewähren müsse“.⁹⁸ Ei veke etter opprettinga vil ikkje Hans Seigewasser⁹⁹, som var blitt statssekretær i november 1960, anerkjenne BEK. Først i 1971 skjer dette. BEK var meir sentralt retta enn EKD, og BEK sitt sekretariat vart sentrum for avgjerdsprosessar i kyrkja.

2.5 „Kirche im Sozialismus“

Staten byrja etter kvart så smått å akseptere religion og kyrkje i samfunnet, i staden for å prøve fjerne dette snarast råd. I 70- og 80-åra vart det ideologiske fokuset mindre, og det kan ha vore eit resultat av ei slags søking etter haldbar modus vivendi¹⁰⁰ etter grunnlegginga og anerkjenninga av BEK. For ikkje å skade den indre ro eller DDR sitt rykte i utlandet, skulle ein freiste løyse konfliktar ved å møtast.¹⁰¹ KSSE-prosessane¹⁰² fekk også positive følgjer for kyrkjepolitikken og forholdet mellom staten og kyrkja. T.d. mogleggjorde det ein del nye kyrkjepolitiske vedtak som t.d. bygging av kyrkjelydshus i *Neubaugebieten* og utdanning av medisinsk personell til kyrkjelege helseinstitusjonar.¹⁰³ Toppmøtet i 1975 fattar viktige vedtak om menneskerettar der eit av dei vanskelege punkta galdt religionsfridom. Menneskerettar vert frå no av verkeleg eit tema i kyrkja og som også grupper i tilknytning til denne, hadde fokus på heile resten av DDR-tida.

Unge kristne hadde framleis problem, for sjølv om dei vart kraftig reduserte, forsvann dei aldri heilt. I november 1970 kjem det vedtekter om arrangement som særleg freista hindre kyrkjeleg ungdomsarbeid, og *Bausoldaten* fekk store vanskar med studieplass.¹⁰⁴ Dette, saman med t.d. spørsmålet om anerkjenninga av BEK, hang liksom ikkje heilt saman med ein elles mildare tone. Staten ville ha kontroll over bibeltimar, ungdomsleirar o.l., særleg var det nok det aukande talet leirar som var problemet.¹⁰⁵ Staten ville igjen avgrensa kyrkja til berre å vere kultkyrkje, men greidde ikkje det. Den ortodokse kyrkja i Moskva hadde ikkje engasjert seg i samfunnsmessige eller politiske problem, og det passa nok Staten betre. At kyrkja i DDR ikkje bøygde av her førte til at gruppene som kom i 80-åra, kunne få vern og rom.¹⁰⁶

⁹⁸ BEK-synode Potsdam: R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 125.197

⁹⁹ Hans Seigewasser var SED-Funktionär, Staatssekretär für Kirchenfragen

¹⁰⁰ „form eines erträglichen Zusammenlebens zweier od. mehrerer Parteien [ohne rechtsgrundlage]“ DUDEN (2007) her: Statleg anerkjenning av kyrkja som interessegruppe. Måte å kome overeins/kunne leve saman.

¹⁰¹ J. Heise, „Kirchenpolitik von SED und Staat“, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 134

¹⁰² T.d. konferanse og vedtak i Helsinki 1973 og 1975

¹⁰³ J. Heise, „Kirchenpolitik von SED und Staat“, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 135

¹⁰⁴ Same stad

¹⁰⁵ R. Höppner, *Bleiben, wohin uns Gott gestellt hat* (2004) s. 130f

¹⁰⁶ Jf *Opposisjonelle grupper* s. 35.

2.5.1 Forholdet til staten

Freisting på å redusere kyrkja sitt høve til å påverke

Staten blanda seg inn i kyrkjesaker og gav kyrkja privilegium. Staten såg på det som middel for å gjere kyrkja føyeleg mtp å kunne påverke den politiske utviklinga i kyrkja. Staten støtta også utdanning av teologar gjennom teologiske fakultet på statlege universitet, inkludert løn, stipend og utstyr. Mange kyrkjelege sjukehus, aldersheimar o.l. var faktisk del av statleg helsevesen.¹⁰⁷ Kristne sjukehus var ofte betre utrusta enn dei statlege, ofte med stønad frå Vest, og dette var ein grunn til at dei fekk vere. I tillegg fanst det kristne sjukeheimar og barnehagar. Og kyrkja ønskte heller ikkje større avstand til staten. Kyrkja ville ikkje miste sin posisjon som samfunnsmessig institusjon og bli redusert til berre å vere trusfellesskap noko som fort kunne skje viss ho gav avkall på privilegia sine. Ho aksepterte heller ikkje berre sine eigne utdanningsinstitusjonar. Tilgang til offentlege medium var også viktig. Eit skilje ville truleg føre til mindre kontakt med dei styrande, og ingen ville risikere at det vart slutt på dei få møteplassane for samtale som var. Intensjonen til den statlege kyrkjepolitikken var relativt klar: Ved å skilje stat og kyrkje kunne kyrkja pressast lengst mogleg ut av det offentlege, få høvet til å påverke samfunnet redusert, og ideologisk utdannings- og mediepolitikk kunne fjerne kyrkja sin samfunnsmessige relevans og plassere ho ut i ein religiøs nisje der den ”døyande” religiøse restgruppa i DDR kunne pleie sitt religiøse liv.¹⁰⁸ Kyrkja er generelt sett blitt oppmoda til samarbeid, men lite til å vere med og forme: ”*Sobald wir anfangen, diese DDR mitgestalten zu wollen, wurde Schluss gemacht, da gab es nichts mehr*”, har Albrecht Schönherr¹⁰⁹ uttala.¹¹⁰

Samtalar

For å halde på staten sitt truverd ville kyrkja unngå å kritisere regimet offentleg, men tok sikte på fortrulege samtalar med myndigheitene. Kritikkk frå preikestolen var sjeldan, og synodane vart ofte haldne ”unntatt det offentlege”. Møta med statsoverhovuda fekk meir og meir diplomatisk karakter, bak lukka dører, heilt annleis enn konfrontasjonane i dei føregåande tiåra (50-, 60-talet). Både kyrkjeleiing og grunnplanet i kyrkja kritiserte denne måten å gjere det på, mtp at toppmøta kunne gå på bekostning av kontakten med grasrota og i kva grad det

¹⁰⁷ R. F. Goeckel, ”Der Weg der Kirchen in der DDR”, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 172f

¹⁰⁸ Same verk s. 173

¹⁰⁹ Biskop, var med og grunnla BEK, ein periode leiar for KKL, sentral i samtalen med Honecker i mars 1978 (sjå *Toppmøte* s. 32) som medførte ein meir moderat kyrkjepolitikk

¹¹⁰ R. Höppner, *Bleiben, wohin uns Gott gestellt hat* (2004) s. 97

var mogleg å diskutere utfalla offentleg etterpå. Ved å gå inn i ”diplomatiske” samtalar på denne måten gav DDR-systemet på ein måte rom for kyrkja.

Ulike posisjonar

I starten såg mange på DDR som eit mellomstadium på veg mot eit samla Tyskland, men etter kvart fann ein seg i delinga. Det var stadig debatt innan kyrkja om forholdet til SED-regimet. Kyrkjefolk og *Landeskirchen* hadde ulike haldningar. Biskop Dibelius nekta for staten sin legitimitet, medan andre oppmoda kristne til å identifisere seg med denne ordninga, og andre igjen søkte ein middelveg.¹¹¹

Sjølv om folk etter kvart innsåg at delinga av Tyskland var eit faktum og DDR ikkje lenger berre var ei mellomløyning, jf. side 18, vart ikkje dei ulike *Landeskirchen* samde om kva rolle dei skulle ha. Det var skilnader mellom konfesjonar, geografi og generasjonar. *Landeskirchen* hadde ulik storleik, vedkjenning og tradisjon. SED laga ei kunstig eining ”kyrkja” – som dekkja over alle skilnadene. Staten ønskte ei nyorientering og identifisering med sosialismen, noko fleirtalet i kyrkja avviste. Men det var ulike alternativ: Ei gruppe meinte at kyrkja har ei gudegitt oppgåve å utøve vern for overgrep frå den totalitære staten. Dette var ein arv frå kyrkjekampen under Hitler, og stod sterkt m.a. i kyrkjeleiinga rett etter krigen. Inspirert av D. Bonhoeffer og motstanden mot Hitler, var det også seinare fleire som såg på kyrkja som vern, tilfluktsstad og hjelpar for andre, særleg dei kyrkjeframande. Vestliberal tolking av menneskerettane påstod at ”*es ein Grundfehler jedes totalitären Staates ist, dass jedermann ihm mit Leib und Seele gehört*“.¹¹² Menneskerettar er gjevne frå Gud, uavhengig av samfunnsordning, slik regimet påstod. Det var også nokre som meinte kyrkja skulle halde seg unna politikken og bøye seg for staten, på bakgrunn av luthersk toregimentslære. For desse var det ”*Christen und Kirchen in der DDR*” som galdt, i staden for ”*Kirche im Sozialismus*” som skulle kome til å bli rådande. Etter kvart var det også nokre kyrkjeleiarar som tok til orde for ”*kritischer Solidarität*” med DDR. Lutheranarane vedtok i 1960 å sjå på makta som gudegitt med atterhald om den ateistiske staten kun ”*dulden und leiden, nicht aber unterstützen oder fördern zu können*”.¹¹³ ”*Kirche im Sozialismus*” frå 1971 var eigentleg ein sameinande formel for alle grupperingar. Det innebar då også at alle partar kunne bruke han til sitt formål, og det var ikkje semje om korleis han skulle tolkast og bli forstått.

¹¹¹ R. F. Goeckel, ”Der Weg der Kirchen in der DDR”, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 156f

¹¹² Same verk s. 158

¹¹³ Same verk s. 156f

2.5.2 Kirche im Sozialismus

På BEK-synode 2.-6. juli.71 kjem representantane fram til at dei vil vere *Kirche nicht "neben" oder "gegen"*, sondern „*im Sozialismus*“¹¹⁴ Dette har vore mykje omdiskutert og har m.a. vore kritisert for å vere ei form for samarbeidsselskap mellom staten og kyrkja. Formelen ”*Kirche im Sozialismus*” kunne bli misforstått og hadde mange tolkingar. Å vere ”*Kirche im Sozialismus*”, er ikkje det same som å ta parti for realsosialismen, men godta rammevilkår, der kyrkja hadde sitt virke¹¹⁵ og kyrkjelege handlingar skulle iverksetjast. ”*Kirche im Sozialismus*” har også vore tolka som belegg for kyrkjens tilpassing til DDR-forhold.

Det er Schönherr som er blitt tileigna dette, men det var ikkje han sjølv som stod bak formuleringa.¹¹⁶ Det var likevel Schönherr som innførte det som emne i DDR, der den nok fekk ei litt anna meining enn den opphavleg hadde hatt. Det Schönherr meiner å ha sagt på synoden er: ”*Wir wollen nicht Kirche gegen, nicht neben, sondern in dieser so geprägten Gesellschaft sein.*“ Sjølv uttrykket er for vidt og ukonkret, og Schönherr beklagar at dei tok det i bruk.¹¹⁷ Det var aldri meint å tyde at kyrkja skulle føre ein kamp side om side med sosialistane, og han var medviten på den kunstige eininga ”kyrkja” som SED-regimet hadde laga. Kyrkja skulle vere tilstades, nærverande og ta aktivt del i samtalar. Kyrkja måtte også få sin plass i sosialismen sitt verdsbilete. ”*Kirche im Sozialismus*” vart også nyttig i vidare samarbeid mellom stat og kyrkje, og formuleringa rettferdiggjorde på eit vis samarbeidet. På denne måten aksepterte kyrkja DDR som politisk fellesskap i internasjonal forstand, og stilte ikkje lenger like mange spørjeteikn ved SED si leiande rolle eller ateistiske basis. Men det handla ikkje om dialog mellom kristne og marxistar. Kyrkja ville vere kyrkje for menneska i dette sosialistisk strukturerte samfunnet, noko stabilt som kunne snakke om positive og negative sider ved samfunnet utan å bli skulda for å innta ei fiendtleg haldning til sosialismen.¹¹⁸ Sjølv om kyrkja vedtok å vere ”*nicht Kirche gegen [...] sondern im Sozialismus*”, gav ulike grupper som heldt til i kyrkjene, ofte grobotn til konflikhtar. Også ordet ”sozialismus” hadde ulike assosiasjonar.

¹¹⁴ R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 197

¹¹⁵ H. Dähn, „Der Weg der Evangelischen Kirche in der DDR – Betrachtung einer schwierigen Gratwanderung“, *Die Rolle der Kirchen in der DDR.* (1993) s. 14f

¹¹⁶ R. Höppner, *Bleiben, wohin uns Gott gestellt hat* (2004) s. 105

¹¹⁷ Same verk s. 106

¹¹⁸ H. Dähn, „Der Weg der Evangelischen Kirche in der DDR – Betrachtung einer schwierigen Gratwanderung“, *Die Rolle der Kirchen in der DDR.* (1993) s. 15

Året etter synoden held presten, seinare prost H. Falcke, eit foredrag ”*Christus befreit – darum Kirche für andere*”¹¹⁹, der han held fram at kristne kan jobbe aktivt i samfunnet for ein betra sosialisme. Det førte til tiltakande kyrkjeleg deltaking i fredsørsla. Foredraget fall ikkje i god jord hos SED, som frykta at viss denne oppfatninga fekk brei oppslutnad, kunne det føre til store problem mellom kyrkja og staten.¹²⁰ Falcke snakka om ”*verbesserlichen Sozialismus*”. Sidan kyrkja var ”*im Sozialismus*” ville ho også vere med og snakke om kva sosialisme kunne vere. Det var vanskeleg berre å akseptere utan høve til å endre og at sosialismen kunne endrast var ein føresetnad for å seie ”ja” til den.

2.5.3 Fleire samtalar

Eit meir spent forhold

I 1976 og 77 var det fleire hendingar som gjorde forholdet mellom staten og kyrkja meir spent. M.a. fekk presten Oskar Brüsewitz si sjølvbrenning i august konsekvensar. Staten ville på det sterkaste unngå at Vesten fekk vite om det, då det kunne skade DDR sitt utanrikspolitiske rykte, og også innan kyrkja var det delte meiningar om hendinga.¹²¹

KKL sender etter påtrykk frå mange prestar og andre kristne som tok parti for avdøde, i september eit ”*Brief an die Gemeinden*” i høvet Brüsewitz’ død, og brevet skulle lesast på gudstenester. Brevet får veldige statlege reaksjonar. Honecker, som i løpet av 1976 både vart generalsekretær i partiet og president, omtala brevet som det ”*konterrevolutionärste Schriftstück*” som hadde vore i DDR.¹²² I november mister den tyske artisten Wolf Biermann statsborgarskapet i DDR etter å ha kritisert regimet på ein turné i Vest. Siste konserten han hadde i DDR, var i ei kyrkje. Bruk av kyrkje var korkje grunna fromheit eller religiøs trong, men fordi kyrkja var einaste staden han kunne tale offentleg. I august året etter gir Rudolf Bahro, ein opposisjonell SED-mann, ut si regimekritiske bok ”*Die Alternative*” i BRD. Han blir arrestert av MfS og dømt til åtte års fengsel.

Toppmøte

Tilknytninga mellom kyrkja og SED-regimet vart styrkt av toppmøte mellom Honecker og KKL-leiar. Det første er 6.3. 1978, og då møttest KKL, med Schönherr i spissen, BEK og

¹¹⁹ R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 197

¹²⁰ Same verk s. 197 og R. Höppner, *Bleiben, wohin uns Gott gestellt hat* (2004) s. 108

¹²¹ G. Besier, *Pfarrer, Christen und Katholiken* (1992) s. 33

¹²² R. Höppner, *Bleiben, wohin uns Gott gestellt hat* (2004) s. 127f

Honecker.¹²³ Etter 1976 med både Brüsewitz, Bahro og Biermannsakene, låg det an til eit meir spent forhold mellom staten og kyrkja. DDR hadde forventningspress etter KSSE og Helsinki-prosessen, og måtte sjå til at det var religionsfridom i landet. For SED var det viktig å understreke overfor kyrkja at 50-åra var over, og at ein ville ha eit betre forhold, og dessutan presisere overfor eigne medlemmer at kristne ikkje er statsfiendar. Kyrkja hadde også trong for ein slik samtale etter det som hadde skjedd dei føregåande åra. Ein føresetnad for slike samtalar, var at alle partar sørga for at ingenting skulle kome ut i forkant av møtet. Målet for kyrkja var også i denne samanheng å gjere ein innsats for den enkelte borgar. Schönherr's setning ”*Das Verhältnis von Staat und Kirche ist so gut wie es der einzelne christliche Bürger in seiner Situation vor Ort erlebt.*“¹²⁴, er seinare blitt ståande som ei viktig utsegn i tida. Den vart førstesidestoff i avisene, og borgarar klipte det ut og brukte det i sin lokale kamp. Samtalen enda i ei pressemelding som inkluderte denne setninga, for sjølv om folk i *Staatssekretariat für Kirchenfragen* hadde problem med ho, insisterte Honecker på at ho måtte med.¹²⁵

Dette møtet stadfesta styresmaktene sin aksept av kyrkja som sjølvstendig samtale- og forhandlingspartner, jf anerkjenninga av BEK i 1971, og Honecker trekte fram kyrkja sitt fredsengasjement¹²⁶ og positive og gode innsats for samfunnet (både menneskerettar i 3. verda og innsatsen for utsette samfunnsgrupper – gamle, sjuke, utviklingshemma).¹²⁷ Kyrkja på si side tok opp ei rekkje vanskelege spørsmål t.d. nedrusting og menneskerettsforkjemparane sine saker. Dette møtet skulle vere ein ny start. ”*Wir sollten nun Bescheid wissen, was der Staat uns genehmigt, dass wir in unserem Sinne Kirche sein könnten.*“¹²⁸

I samtalen vart det trekt fram nokre punkt der det var betringspotensiale. Staten kom nok ein gong med lovnader om ”*Gleichberechtigung und Gleichachtung aller Bürger*”¹²⁹ og det vart også snakka om kyrkjelege sendingar i kringkastinga og alderstrygd for kyrkjelege medarbeidarar og tilsette i diakonale institusjonar. Det var også lovnad om statleg stønad til

¹²³ R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 199

¹²⁴ R. Höppner, *Bleiben, wohin uns Gott gestellt hat* (2004) s. 98

¹²⁵ Same stad.

¹²⁶ ”Kirche als Lerngemeinschaft” s. 218

¹²⁷ H. Dähn, „Der Weg der Evangelischen Kirche in der DDR – Betrachtung einer schwierigen Gratwanderung“, *Die Rolle der Kirchen in der DDR.* (1993) s. 15

¹²⁸ Schönherr i R. Höppner, *Bleiben, wohin uns Gott gestellt hat* (2004) s. 97

¹²⁹ ”Kirche als Lerngemeinschaft” s. 219 / <http://www.doku-ekd.de/pdf/0040/0040435.pdf>

arrangement i samband med Lutherjubileet i 1983.¹³⁰ I tillegg til sjelesorg i fengsel, vart det etter dette møtet også høve til sjelesorg i statlege sjukehus og -heimar, noko som til no kun unntaksvis hadde funne stad.¹³¹

Ikkje berre rosenraudt

Ein skulle etter dette møtet tru at forholdet mellom staten og kyrkja ville bli betre i åra som kom. Slik vart det generelt sett ikkje. Kyrkja sat med lovnaden om like rettar og respekt for alle, som det kunne vere godt å vise til når dette vart krenkt, men kunne også vise til brot på dette t.d. i skulen, der ein framleis fann diskriminering av unge kristne. Kyrkja slutta heller ikkje å kritisere staten, men kritikken tok ei noko anna form. Frå å vere systemkritisk retta mot det industrielle og politiske systemet i landet, gjekk kritikken no meir mot staten sine tiltak og verkemiddel som innskrenka rett til å reise, fordriving, sensurinnrep i kyrkjepressa osv.

Alt var altså ikkje berre rosenraudt. Opposisjonsgrupper vart overvaka og arresterte, og ”Wehrkundeunterricht” vart innført i skulen i 1978¹³², legitimert gjennom 1968-forfatningas artikkel 23, som „*Recht und Ehrenpflicht der Bürger*”. Kyrkja, både som einskildpersonar, kyrkjelydar og KKL reagerte på dette og protesterte, og meinte m.a. at det uroa indre fred og evne til fred.¹³³

2.6 Mot slutten

Kyrkja var sterkt involvert i prosessen fram mot ”die Wende”. Den engasjerte seg på ulike måtar både gjennom grupper i kyrkja, einskildpersonar og einskildhendingar i tillegg til ulike former for møte. Mange i kyrkjeleiinga var lojale overfor staten, og opposisjonen kunne difor kome i bakgrunnen. Likevel fekk dei utretta mykje.

¹³⁰ ”Kirche als Lerngemeinschaft” s. 212f. 221 evt <http://www.doku-ekd.de/pdf/0040/0040435.pdf>

¹³¹ R. Höppner, *Bleiben, wohin uns Gott gestellt hat* (2004) s. 99

¹³² R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 199

¹³³ H. Dähn, „Der Weg der Evangelischen Kirche in der DDR – Betrachtung einer schwierigen Gratwanderung“, *Die Rolle der Kirchen in der DDR*. (1993) s. 17

Opposisjonelle grupper

Som tidlegare nemnt førte regjeringa og kyrkjeleiinga ein samtalepolitikk, for betring i samfunnet og for enkeltmenneske, men i 80-åra var ikkje lenger samtalan mellom kyrkja og staten så fruktbare. Gruppene forstod at ein berre kunne oppnå endringar ved å øve massivt press nedanfrå. Både kristne og ikkje-kristne tok aktivt del i grupper som jobba med fredsspørsmål, menneskerettar, miljøvern, fattigdoms- og utanrikssaker. Slike grupper, som etter kvart vart kalla opposisjonelle, heldt ofte til i kyrkjene der dei kunne diskutere relativt fritt. Gruppene var ei utfordring for både staten og kyrkja på alle nivå,¹³⁴ og svært aktuelle for tiltak frå MfS. Då aktivitetane ofte gjekk føre seg i kyrkjene, vart gruppene rekna som tilhøyrande kyrkja, noko som gav Staten høve til å utøve press på kyrkjeleiing og prestar for å disiplinere gruppene som utgjorde eit trugsmål mot regjeringa.

Ei gruppe tok initiativ til ”*sozialen Friedensdienst*” (SoFD) i staden for militærtjeneste eller teneste som *Bausoldat*, men dette vart tilbakevist av Klaus Gysi, som har erstatta Seigewasser som ”*Staatssekretär für Kirchenfragen*”. Engasjementet rundt dette, som også inkluderte ein underskriftskampanje, resulterte i at FDJ, på oppdrag frå SED, laga ein motkampanje. Heilt på slutten lukkast det, og det vart opna for ei form for sivilteneste. Av anna opposisjonell verksemd kan det nemnast at det også vart arrangert samfunnskritiske gudstenester, såkalla ”*Blues-Messen*” som av MfS fekk status ”*operativer Höhepunkte*”.

Då SED-leiinga på slutten av 80-talet såg makta si trua, og la ein del skuld på kyrkja, greip både Honecker, Mielke m.fl. tilbake til dei gamle førestellingane om religion og kor viktig ateistisk propaganda var.¹³⁵ I januar 1989 forsikrar Honecker at muren blir ståande: ”*Die Mauer wird „so lange bleiben“, wie die Bedingungen ihrer Errichtung bestehen*”.¹³⁶ Ved valet i mai, med einheitslister, let folk demonstrativt vere å delta. Kristne o.a. protesterer mot det dei meiner er valfusk.

Krav om reformer

I ein samtale i mars i Berlin mellom biskop W. Leich, som då var blitt KKLleiar, og E. Honecker i samband med 10-årsmarkering av avtalen i 1978, oppmodar Leich Honecker til å starte dialog mellom SED og samfunnet og starte reformpolitikk, då misnøya blant folk er tiltakande. Reformar krev også demonstrantar, BEK og Sovjetunionen:

¹³⁴ H. Dähn, „Der Weg der Evangelischen Kirche in der DDR – Betrachtung einer schwierigen Gratwanderung“, *Die Rolle der Kirchen in der DDR*. (1993) s. 18

¹³⁵ Heise, J., „Kirchenpolitik von SED und Staat“, *Kirchen in der Diktatur*, (1993) s. 139

¹³⁶ R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 205

I løpet av hausten er det mange demonstrasjonar hovudsakleg med krav om reformer. Den 4. september er det demonstrasjon for reisefridom framfor Nikolaikyrkja i Leipzig, og BEK krev grunnleggjande demokratiske reformer i DDR i sin synode to veker seinare¹³⁷. Den 25. september finn første måndagsdemonstrasjon i Leipzig stad, med fleire tusen demonstrantar. I samband med DDRs 40-årsjubileum kjem det også til massive demonstrasjonar. Sovjetunionen, no med Gorbatschow i spissen, som midt på 80-talet hadde starta liberalisering og reformer, pressar SED-leiinga til reformer.¹³⁸ DDR-borgarane si misnøye over at det tilsynelatande ikkje skjer noko tilsvarende hos dei som i Sovjetunionen, er tiltakande, og frå august flyktar tusenvis over korttidsopna grenser til Austerrike, gjennom opna grenser frå Ungarn eller via vesttyske ambassadar i Ungarn, Tsjekkoslovakia og Polen.¹³⁹ Over heile landet er det folkemøte for å styrte SED, og kyrkjene tener som forsamlingslokale. Den 9. november 1989 vert Muren opna og ”*Wir sind ein Volk!*” vert dominerande parole. Det må seiast at revolusjonen hausten 1989 vart ein fredeleg, ublodig revolusjon.

Fram mot samanslåinga 3. oktober 1990

Etter at Muren er opna trekkjer den sitjande DDR-regjeringa seg tilbake. På slutten av året seier SED-*Politbüro* seg villig til å ta til med forhandlingar med opposisjonen, og 7. desember kjem det sentrale ”*runder Tisch*”¹⁴⁰ saman i Berlin. Tema her er reformar, ny forfatning og oppløysing av MfS.¹⁴¹ Frå årsskiftet 1989/90 finn ein „*runde Tisch*“ mange stader, oftast under kyrkjeleg leiing. At kyrkja leia „*runden Tisch*“ er uttrykk for tilliten kyrkja hadde opparbeidd seg. Også rolla ho spelte kring fredsdemonstrasjonane var ein viktig faktor. I mars er det demokratisk val i DDR, og det første store teikn på samanslåing er valutaunionen mellom BRD og DDR den 1. juli 1990, før statane slår seg saman, og Tysklands eining er eit faktum den 3. oktober 1990.

¹³⁷ R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 206

¹³⁸ Same stad

¹³⁹ R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 206, R.-K. Pahnke, „Jugend zwischen FDJ, SED und MfS.“ *Beschädigte Seelen.* (2007) s. 41

¹⁴⁰ „Kreis, Gremium von gleichberechtigten Partnern.“ DUDEN (2007)

¹⁴¹ R. Mau, *Eingebunden in den Realsozialismus?* (1994) s. 207

3 Informantane - liv og virke

3.1 „Helmut”

”Helmut” var med i ei ungdomsrørslé, som han den gangen som 12-åring eigentleg ikkje visste kor stod i kyrkjelandskapen. Gruppa¹⁴² var eigentleg forboden i Aust, men fordi grensa framleis var open, drog dei i praksis fram og tilbake. Han fortel engasjert om inspirasjon frå ein ungdomsleiar som studerte teologi, og ein amerikansk prest som var på besøk i gruppa, men ”Helmut” legg klart vekt på at det ikkje var press eller indoktrinering som førte til at han valde å studere teologi, snarare god oppbygging og forteljingar om kva dei gjorde. Engasjementet smitta då over på ungdomen, og ”Helmut” fekk ei indre utfordring til å studere faget. Gjennom ungdomstida stilte han seg mange spørsmål om religion og andeleg orientering. Han vart etter kvart sjølv ungdomsleiar, før han og ein kamerat 19 år gamle byrja studere ved eit *Kirchliches Seminar* (KS) i 1962. Mor hans var religiøs, men faren, som var konsekvent ateist, var ikkje begeistra for sonen sitt val. Han var heilt og fullt motstandar av det. Val av studiestad hadde den enkle grunn at det var der ungdomsleiaren hadde gått. Dessutan hadde *Kirchliche Hochschulen*, som var eit av alternativa, virka meir eliteprega på han og fjernare frå kyrkjelydane. Han trudde dessutan at studentgruppa på KS var meir samansett. Utdanninga ved KS var først og fremst tre år, og etter åra der skulle ”Helmut” vere vikar, men han var så usikker og full av spørsmål til eiga tru og religion generelt at han ønskte å studere meir. Difor søkte han plass på Humboldtuniversitetet i Berlin og var der i perioden 1965-70. Der ønskte han også å ta doktorgrad, men det vart vanskeleg av politiske grunnar, då han var relativt opposisjonell.

Frå 1972 var ”Helmut” prest i Berlin og jobba der med barne- og ungdomsarbeid. Deretter var han dosent for *Sozialpädagogogen* i 6 år etter å ha vore med og utvikla den utdanninga på frivillig basis. I 1988 vart han ”*Sekretär der Kommission für kirchliche Jugendarbeit*” (BEK). Han var då ansvarleg for ungdomsarbeid i heile DDR. Det vart for meg då nærliggjande å spørje korleis han fekk den jobben, sidan han var såpass tydeleg opposisjonell. Det var jo mange ulike krefter inne i biletet når utnemningar og tilsettingar skjedde. ”Helmut” stadfestar at det var eit problem for Staten, faktisk også for kyrkja. Men han vart valt i ei kampvotering med 16 mot 5 stemmer, noko som eigentleg passa ”Helmut” bra. Han visste nemleg kven som var mot han, og det ville ha vore fusk om det hadde vore einstemmig.

¹⁴² *Jungenschaft, stifta av Eberhardt Koebel i 1929*

Jugendweihe og konfirmasjon

”Helmut” hadde sjølv berre konfirmasjon. *Jugendweihe* kom ikkje på tale. Problema det eventuelt medførte, måtte han berre ta som dei kom. Han fortel frå ein situasjon på skulen som han hugsar svært godt, der læraren sa: ”*vi representerer her det vitskaplege verdssynet/verdsoppfatning, eller er det elevar blant oss i klassen som er har religiøs verdsoppfatning og som ber til Gud?* Her drar vi kjensel på stoffet i avsnittet *Kristen i utdanningssystemet* (s. 15). ”Helmut” er rysta over at ein lærar kunne spørje slik framfor heile klassen, og han meiner det var direkte maktmisbruk. Ein kunne ha sagt at det ikkje var lov, at det går over pedagogiske grenser, men som 15-åring var det håplaut å skulle argumentere imot ei slik utsegn. Barn er ikkje nødvendigvis sterke nok det. Dei var tre-fire elevar som var i *Junge Gemeinde*. Han trur ikkje dei sa noko, men det var ei ekkel oppleving. Tanken på verkeleg å kunne bli utledd av ei stor gruppe, inkludert læraren, var tung for ein ungdom. Når ein kjenner til dilemmaet og konsekvensar ved t.d. å nekte JW og å vere på kant med systemet, jf avsnitt 2.3.3 ”*Jugendweihe*”, forstår ein at det er vanskeleg, også berre det å vere kristen.

Då han seinare jobba som prest, dreiv han eit 3-årig ungdomsarbeid, der konfirmasjonsundervisninga var ein del av dette. Det var då uinteressant om ungdomane hadde JW også, ingen vart spurt om det. ”Helmut” fortel at han døypte fleire ungdomar og meiner det var tøft gjort av dei. Dotter til ein dommar, som var ei aktiv SED-kvinne, let seg døype mot mora sin vilje. Mora kom og drog dottera ut av kyrkja og nekta ho å gjere det. Presten snakka med mora og bad ho tenkje over kva konsekvensar haldninga hennar kunne få for forholdet til dottera og oppmoda ho til å endre standpunkt. Han understreka også at han ikkje hadde drive med noko form for indoktrinering. Ved eit anna høve ønska foreldra at ungdommen skulle konfirmerast. Guten ville ikkje det, noko foreldra ikkje ville godta. Presten snakka med dei og ønskte at dei skulle respektere sonen sitt val og ikkje tvinge guten til å bli konfirmert. Foreldra vart litt forvirra, dei syns dette var ei underleg oppmoding frå ein prest, men for ”Helmut” var det viktig at ungdommane fekk avgjere viktige spørsmål sjølv. Guten tok del i ungdomsarbeidet i 2-3 år og kom til undervisning, men let seg ikkje konfirmere.

”Helmut” meiner at JW er latterleg. Barna hans tok ikkje JW, men han var til stades fleire gonger t.d. når barna ønskte å vere til stades ved klassekameratane sin seremoni. Det verste var kanskje vedkjeninga eller den høgtidlege lovnaden til staten Det eksisterte rett nok noko tilsvarande i konfirmasjon, der konfirmantane må kunne seie den kyrkjelege truvedkjeninga

høgt, love å vere gode kristne m.m., men ”Helmut” er kritisk til det òg. Han tenkte ikkje slik om konfirmasjonen og valde difor å gjere det annleis i kyrkjelyden sin. Ungdomane måtte få formulere si eiga vedkjenning. For mange av dei vaksne i kyrkjelyden var det støytande og ufullkome, og det enda med at kyrkjelyden laga ei erklæring til konfirmantane, der dei på konfirmasjonsdagen seier at dei ”vedkjenner” seg til ungdomane. Dei vaksne seier der at dei vil ta ungdomane med sine spørsmål og si usikkerheit på alvor.

Preike

På spørsmål om preike og eventuelle atterhald mtp kva ein kan seie og ikkje, svarar ”Helmut” at han generelt er motstandar av preike som kommunikasjonsform. Han kritiserer kyrkja sin kommunikasjon i gudstenestene, meiner den er heilt feil og han brukar ord som frykteleg og katastrofal. Han likar ikkje den belærande funksjonen preika oftast har. I staden ønskjer han meir samtale med folk, rundt deira spørsmål og tankar om teksten, og kva dei kunne lære av det relatert til livet. Første gangen hadde han førebudd ei preike, men sa til kyrkjelyden at han meinte det var ei dårlegare form, og ville heller snakke med dei i kyrkjebenkane. I byrjinga var han redd ingen skulle seie noko, tenkje at dette er ei heilag gudsteneste, presten si tid. Men folk kasta seg ut i det og det var dei godt vaksne som først kom på bana. Det vart ein prosess og etter kvart vart både vaksne og ungdomar aktive. Det resulterte i mange spennande samtalegudstenester. Han vil nok framleis halde preiker, men sjeldnare. ”Helmut” ville gjerne ha jobba ved eit *Pastoralkollegium*, men dette vart for revolusjonerande for kyrkjeleiinga, så dei sa nei då han sa kva han tenkte om jobben med prestane. Han ville jobbe slik at prestane skulle overvinne sine manglande evner til kommunikasjon og heller samtale med kyrkjelyden.

Opposisjon og Stasi

Som vi såg i teoridelen hadde MfS eit stort apparat, og det var IM overalt. ”Helmut” trur eigentleg ikkje at konfidentar i samtalar var redde for at han skulle vere IM. Det var då heller slik at folk var redde på hans vegne fordi dei gjerne visste at han hadde vore i situasjonar og gjort ein del som hadde gitt han vanskar, og difor neppe jobba *for* MfS.

”Helmut” fortel frå nokre episodar:

Kvart år hadde han ungdomsgudsteneste julaftan, med 500 – 1000 til stades. I 1978, tente han lys og bad for Rudolf Bahro, den opposisjonelle som nett var blitt arrestert etter å ha skrive og gitt ut boka ”*Die Alternative*”, jf *Eit meir spent forhold* (s. 32). Boka opptok mange, deriblant ”Helmut”, og ho vart så og seie forboden. Mange klappa fordi dei merka at her var det nokon

som tok avstand frå vilkåra for å arrestere ein mann som Bahro. Kort tid etter vart "Helmut" kalla inn til Staten, som påstod at det var ein politisk demonstrasjon og inga bøn. Mange kollegaer likte heller ikkje det han gjorde.

Også i samband med Oskar Brüsewitz, var han frampå. Han kjende ikkje Brüsewitz personleg, men kjende mange som jobba aktivt for at han ikkje skulle bli ærekrenkt etter han sette fyr på seg sjølv. På den tida gjekk "Helmut" så og seie offentleg til åtak på Staten for å ha pågripe folk som motsette seg denne ærekrenkinga. I ein offentleg diskusjon skulda han Staten for brot på menneskerettane. Han ville vite kvifor ei lita gruppe menn vart arrestert for å ha skrive eit brev som var retta mot avisa "Neues Deutschland". Det var mange prestar til stades som såg ned, som om dei ikkje ville høyre eller sjå kva som gjekk føre seg, og staten sine representantar var forvirra. Dei forstod ikkje at nokon våga seie noko slikt.

Dette engasjement hans var det som førte til at han vart ein *Operativer Vorgang (OV)* (MfS). Før den tid hadde han vore under overvaking, men som OV vert han eit vedvarande objekt for Stasi som jobbar for at den opposisjonelle verksemda skulle bli oppløyst. Frå no, 1976, vart alle telefonsamtalane hans avlytta og posten kontrollert. MfS freista gjere livet så vanskeleg som råd for han og gjere han uverdigg som prest. Han skulle brytast ned. At MfS heldt auge med han, merka han tidleg, men først etter dette var han heilt sikker. Han var blitt stemna, utskjelt og truga. Han forstod at han var eit objekt, og fekk etter 1989 stadfest at han var OV.

"Helmut" er tydeleg oppgitt over systemet og er nesten overtydd om at Staten må ha sysselsett kriminalforfattarar for å finne ut korleis dei skulle knekke og bryte han ned han. Han reflekterer rundt dette og tenkjer at det måtte vere eit menneske med detaljkunnskap om kyrkja og fantasi til å utarbeide ein plan for korleis dei kunne gjere ende på han, organisere det heile og iverksette denne planen. Det må ha vore ei kriminell kraft og "Helmut" skjønar ikkje korleis nokon kjem dit at dei gjer noko slikt. Han skulle gjerne ha møtt den som skreiv "dreieboka" med framgangsmåten. Av ein eller annan grunn lukkast dei ikkje, men det kunne fort skjedd om han ikkje hadde hatt vener som stod på hans side. Mange menneske fekk nok livet øydelagt av tilsvarande prosessar.

Sjelesorg

Korleis kan ein overvaka sjelesørgjar gjennomføre sjelesorgsamtalar? Kva gjorde han så, sidan han visste at han var under overvaking?

”Vanlege” ting som kjærleik, glede, von, skilsmisse osv hadde dei normalt på kontoret. Det var uproblematisk, men samtalar om politiske prosessar, ofte kontroversielle, førte han ikkje i huset, fordi det kunne skade nokon. Han rekna med at huset vart avlytta. Som prest var han verna gjennom kyrkja, men konfidenten kunne få problem. Samtidig visste han at avlytting kunne skje kor som helst. MfS hadde tilstrekkeleg utstyr og teknikk, og i mappa si fann han bilete av seg sjølv på gata, truleg fotografert gjennom ei dokumentmappe, som var ein av mange fantasifulle gøymestader for mikrofotografiering, jf *Overvaking og kontroll* (s. 10). ”Helmut” er frustrert.

Uredd og uforsiktig?

Nokre gonger måtte han vere varsam. At han ville be for Bahro julaftan, sa han ikkje til nokon på førehand, utanom kona. Dersom han hadde sagt det til kollegaer, ville dei fort ha kasta seg over han og prøvd å hindre det og Staten ville reagert kraftig. Slikt gjorde han fleire gonger. Han spurte ikkje om lov, men var overtydd om at det var nødvendig og riktig det han gjorde. Kyrkja var også i mot det, men han gjorde det, og det han gjorde måtte han stå til ansvar for sjølv. Han tenkte ikkje på konsekvensane. Det var irrelevant for han.

”Helmut” veik ikkje unna for situasjonar han visste kunne få uheldige konsekvensar for seg. Han deltok t.d. på fleire demonstrasjonar. Ein gong var det nokre ungdomsdiakonar som demonstrerte på *Alexanderplatz* i Berlin mot statleg misbruk og brot på menneskerettane. Dei ringte ”Helmut”, som då var i BEK, og ville at han skulle komme og vere vitne til det som skjedde. Om han hadde spurt kollegaer, ville dei ha nekta han å gå. Han drog og fortalde etterpå om folk som vart banka opp og brutalt fjerna. I samband med studentopprøret på den Himmelske Freds Plass i Beijing var det også ein demonstrasjon i *Berlin Pankow*. Dei ringte også då og spurte om han kunne komme. Han drog med ein gong og såg korleis demonstrantane brutalt vart slengt opp på ein bil, blant dei var også ungdomsdiakonar og ungdomsarbeidarar. Han gjekk då mellom dei og politiet, og vart sjølv teken med. Då politiet fann ut kven og kva han var, vart dei ille berørt og ville at han skulle gå. Men han nekta og sa han ville vere der og ikkje bli behandla annleis enn dei andre demonstrantane. Det resulterte i ei natt i arresten, i ein garasje saman med dei andre arresterte. Det var sjølv sagt ikkje særleg behageleg eller triveleg, men han var ikkje redd.

I løpet av DDR-tida var han ikkje i forhøyr, men han var stemna fleire gonger. Den som var open og hjelpsam mot ungdom, kunne lett komme borti litt forskjellig, også av problematisk art. ”Helmut” fortel om ein ung gut han følgde og synte omsorg for medan han var

ungdomsprest i Berlin. Denne ungdomen hadde store vanskar heime og med arbeid. Foreldra var skilde, og mora sin nye kjærast likte ikkje guten. Kjærasten var ein SED-mann med viktige funksjonar, og han ordna bustad og arbeid slik at 16-åringen måtte flytte for seg sjølv. Han skulle jobbe som blekkslagar og installatør, men guten kunne ikkje dette arbeidet og verda datt saman etter få veker. I DDR fanst ein straffeparagraf som sa at ein kunne bli arrestert om ein ikkje møtte på jobb. Dei som i dag ville ha gått på arbeidskontoret, ville rett og slett risikert å bli arrestert i DDR. Denne guten var vekke frå jobben i 4 veker og måtte tilbringe eit halvt år i ungdomsfengsel. Då han slapp ut hadde han ikkje noko anna å gå til, og situasjonen vart som før med nytt opphald i fengsel. Han var i fem fengsel, og hadde ingen kontakt med familien. Ein kamerat kontakta "Helmut" og bad han vitje guten fordi han truleg var den einaste han stolte på. "Helmut" var ofte i fengslet og lærte det å kjenne frå innsida. Guten vart sett fri, men fekk forbod om å reise til Berlin. Han måtte bli verande i området rundt fengselet, noko som var svært vanskeleg for ein gut som var vaksen opp i Berlin. Det var fælt for han ikkje å kunne dra heim og "Helmut" samanliknar det med å kome frå sørlege strok til mørket i Tromsø. Depresjon vart difor det neste.

Neste jobben var å skulle slakte høner. Det hadde han heller ikkje erfaring med, og "Helmut" frykta at guten skulle ta sjølv-mord. Leilegheita hans var iskald, den vesle omnen som var der, virka ikkje og det var fuktig og fullt av mugg. Alkoholflasker stod ved sida av madrassen. "Helmut" tok bilete og sendte til statsadvokaten og bad om at guten sine levekår straks vart endra. Han protesterte mot vilkåra og forsikra dei om at han ikkje skulle sende det over grensa til vest. "Helmut" vart kalla inn til politistasjonen og vart utskjelt for å ha blanda seg inn i Staten sine saker, saker han absolutt ikkje hadde noko med. Presten skulle ta seg av det andeleg hos mennesket, sjelesorg, tru, ikkje verdslege saker! "Helmut" vart overrumpla. Då forlanga "Helmut" ei betring. Han kunne ha offentleggjort denne hendinga i vestpressa, men det ville han ikkje. Han ville at dei skulle endre situasjonen til beste for guten. Og sjølv om dei hadde skjelt presten veldig ut, fekk guten nytt husvære og arbeid eit par veker seinare. "Helmut" kjenner ikkje lagnaden vidare, anna enn at guten seinare drog til Vest-Tyskland.

Kontakt med vest

"Helmut" hadde regelmessig kontakt med vest, også etter at Muren vart bygd, sjølv om det, som vi har sett i første delen, særleg under 2.4.1. "Muren vert bygd", generelt var svært avgrensa moglegheiter for utreise. Berlin vart eit knutepunkt for t.d. partnartreff mellom kyrkjelydar i Aust og Vest, og kyrkjelyden til "Helmut" stilte lokale til disposisjon i kyrkjelydshuset for dei som kom. Berlin var ein naturleg møtestad og det var merkeleg nok

relativt få problem knytt til det. Det hang truleg saman med den økonomiske situasjonen. Alle som kom til DDR, måtte betale dagpengar, og det tente Staten på. Hard valuta var kjærkome.

”Helmut” fortel vidare at telefon var veldig dyrt, men kontakt med familie og vener kunne haldast gjennom brev. Vest-berlinarane kunne også dra over på besøk. Ein periode fekk ”Helmut” reise ofte, då det var mange bursdagar i familien. Reglane var som nemnt under *Isolasjon og sjølvstende for kyrkja i Aust* s. 25, slik at ein kunne dra til vest for å feire bursdag til slektningar, og det gjorde han ofte og nytta då samstundes høvet til å reise litt rundt. I tillegg til desse private reisene, hadde han også nokre tenestereiser. ”Helmut” skreiv ei lita bok, magisteroppgåve, om NT-forskaren Herbert Braun og fekk løyve til å vitje han i Vest. I tillegg vart boka gjeven ut der og han fekk delta på kongress. Frå 1988 var han fleire gonger i Vest i tenestesamanheng. Han fekk eit ”*Dienstreisepass*” frå kyrkja, som fekk sende ein kontingent kyrkjelege tenestemenn over grensa ved bestemte høve. ”Helmut” tykte dette var rart og kanskje var det også problematisk for kyrkja?

Statlege festdagar

Som vi har sett i første del var det ein del kontakt mellom kyrkja sine representantar og statsleiarane. Staten inviterte biskopar eller andre representantar frå kyrkja til ulike offentlege tilstellingar og høgtidsdagar, for, i følge ”Helmut”, å sitje og klappe når viktige personar kom, og naturlegvis teie stilt og ikkje seie noko. Staten føreskreiv ikkje gudstenester til dagar av type 1. mai og 8. mai. Det vart heller ikkje venta at kyrkja skulle flagge t.d. 1.mai, og ”Helmut” meiner at eit slikt eventuelt krav uansett ville ha blitt avvist.

Etter die Wende

Jf kapittel 2.2., har ein no tilgang til å sjå kva informasjon Stasi sat på. Det var ikkje spesielt behageleg å sjå mappa i ettertid, men ”Helmut” følte at det var svært viktig. Her las han brev han aldri hadde fått og kunne forstå ting han ikkje kunne forstå før. T.d. såg han at nokre saker han jobba for innad i kyrkja, vart forhindra av folk som jobba som IM i kyrkja.

Møte med ein av dei som hadde rapportert

”Helmut” veit ikkje kor mange som hadde tysta på han, men det er eit stort tal som også inkluderte ungdomar. Han trur at MfS hadde om lag 17 000 ungdomar heilt ned i 13-14års alderen på lista over IM. Kollegaene tagde alle saman og har heller ikkje snakka noko særleg om det etterpå. Han fortel om ein av dei han har snakka med i ettertid. Det var ein prest som

jobba i ei arbeidsgruppe "Helmut" var ansvarleg for. Då "Helmut" tok kontakt med han, forstod denne kva det dreia seg om. Mannen møtte han i trappa og sa noko som "du kjem til meg. No veit eg det. Gud har tilgjeve meg". "Helmut" tenkte at han måtte vere schizofren, ein normalt oppegåande person ville ikkje gjere noko slikt. Informanten fortalte så ei historie om korleis han som ungdom var komen inn i MfS-systemet, kvifor han tysta og at han hadde gjort det for å beskytte "Helmut". "Helmut" veit heller ikkje om han snakka sant. Mannen hadde gitt vidare alt av informasjon, og til tider også lygn, slik at "Helmut" verkeleg skulle vere beskytta... Ei slik forståing kan ikkje "Helmut" skjøne, og understrekar at dette var kollegaens tolking.

"Helmut" veit ikkje akkurat kor mange prestar som var IM, men det var ein del, men ikkje fleirtalet. Sjølv har han berre snakka med den eine. Dei teier alltid om emnet, meiner dei ikkje har gjort noko urett, berre verna folk. Klart det var problematisk at prestar med si teieplikt var IM, og dei fleste slapp unna represaliar seinare. Generalsuperintendent Günter Krusche hadde i mange, mange år snakka med MfS. Ingen rundt han visste om det, og i ettertid har han også sagt at han kun gjorde det for å verne alle andre. "Helmut" er opprørt over det og meiner det er ein vits. Krusche tok Staten si side. Han prøvde å få gjennom staten sine interesser og jobba hardt innan kyrkja for å hindre t.d. "Blues-Messen" (sjå og side 34) og fredsworkshops, begge deler arrangement "Helmut" var sterkt involvert i og jobba med.

Tankar om tenesta etter die Wende

"Helmut" trur han hadde ein viktig funksjon som prest i DDR, men veit ikkje om han kunne ha vore prest i Vest eller dagens Tyskland, fordi kyrkja i Vest er så integrert i samfunnet. Presten er ansvarleg for overgangsritar, elles gjer samfunnet alt. I DDR hadde dei, som vi igrunn på ulikt vis har sett gjennom heile første delen av oppgåva, ein annan funksjon og retta seg mot heile livet til menneska. I Aust var kyrkja viktig på fleire område. Den stod for omsorg for og tilsyn med utviklingshemma, utvikla og dreiv viktig sosialt arbeid med ungdomar utanfor FDJ m.m.. Sosiale møtestader kan andre no tilby vel så bra, og "Helmut" har inntrykk av at kyrkja ofte berre diltar etter no. Han kritiserer kyrkja veldig skarpt og skuldar kyrkja for å vere for systemkonform. Når kyrkja gjer eitt eller anna eller engasjerer seg, er det flott, men ho kjem stort sett slenrande etter.

"Helmut" var blant dei mange teologane som engasjerte seg politisk. Han var med og grunnla "Partei Demokratischer Aufbruch" hausten 1989, men trakk seg ut då partiet tok ei konservativ vending.

3.2 „Karl”

Det var den lokale presten, som dreiv eit aktivt og godt ungdomsarbeid, som inspirerte ”Karl”, til å studere teologi. Det gode opplegget med spennande Bibelarbeid og ein prest som tok ungdomane med sine spørsmål på alvor, gjorde inntrykk. Utdanninga tok ”Karl” i perioden 1965 – 73. Han gjekk på ”*Theologisches Seminar Leipzig*”, som før 1961 var *Leipziger Missionshaus*, etter først å ha vore på *Proseminar* i Rostock, der det vart undervist i klassiske språk, historie, bibelfag og innføring i andre teologiske disiplinar. Han søkte seg til *Proseminar* fordi han i 8. klasse hadde nekta Jugendweihe, faktisk som einaste i klassen, og dermed ikkje fekk gå på *Erweiterte Oberschule* (EOS) som førte fram til Abitur. Sidan han ikkje hadde Abitur, måtte han ta eit slikt seminar, som fanst nokre få stader. Etter det kunne han gå vidare på *Kirchliche Hochschulen* (KH) som ikkje var godkjent av Staten, men som dei likevel fann seg i. Utdanninga vart leia av dosentar som hadde falle i unåde hos Staten og difor ikkje fekk undervise på statlege universitet. Denne halvlegale teologiske høgskulen i Leipzig var finansiert av *Landeskirche Mecklenburg, Sachsen og Thüringen*, og dei respektive biskopane var også med i vurderingskomitéen. Når kandidaten hadde greidd eksamen, var utdanninga likestilt med den frå universitetet, og det var ingen skilnad når det gjaldt å få jobb. Etter første eksamen hadde ”Karl” 2 år obligatorisk vikarteneste i ein bydel i Berlin, og etterpå var det ein kyrkjeleg eksamen. Så jobba han eitt år ved ”*evangelische Kunstdienst*” der han koordinerte samarbeid mellom kunstnarar og kyrkja, arrangerte fagseminar, vurderte bilete og organiserte utstillingar. Deretter var det 2 år i såkalla ”*Hilfsdienst*” som prest for fire kyrkjelydar i ein landsby ved Potsdam før han søkte seg til ei stilling i nærleiken. Der vart han verande i seks år. I 1983 fekk ”Karl” stilling i ein bydel nord i Berlin, som spesialist på ungdomsarbeid, ein jobb han framleis har.

Verneplikt

”Karl” nekta både vanleg verneplikt og teneste som *Bausoldat*. Difor venta han også heile tida på å verte arrestert. Det var ein normal konsekvens, men det skjedde ikkje. Han meiner det var viktig at nokon hadde mot til å nekte, men veit ikkje kvifor Staten ikkje arresterte han. Det kan vere fordi han var for kjent som prest. At han heller ikkje fann noko om det i mappa kan vere teikn på at dei som mottok nektinga, berre har late det passere. Nokre vart arrestert, andre hørte ingenting frå Staten. Dette vitnar om dei lokale variasjonane og påstanden om at DDR var uhomogent i *Lokale variasjonar* (s. 9) og *Kristen i utdanningssystemet* (s. 15). Som prest

kom han aldri borti noko militærsjelesorg, men han hjelpte ungdom til å søkje alternativ teneste av religiøse- eller samvitsgrunnar, t.d. *Bausoldat* som det var opna for frå 1964, jf *Isolasjon og sjølvstende for kyrkja i Aust* (s. 25). Dei fekk t.d. råd og hjelp til formuleringar for å minke risikoen for problem når dei søkte om å kome til einingar utan våpen, eller å nekte heilt.

Ingen fortrinn

Presten hadde i utgangspunktet ingen fortrinn når det galt ventetida for å få bil eller telefon, omtala i *Isolasjon og sjølvstende for kyrkja i Aust* (s. 25). Det fanst såkalla ”*kirchliche Privilegien*”, som var hjelp frå Vest, ”Bruderhilfe”. Prestar der betalte inn ein sum for å gjere kyrkjeleg arbeid i DDR mogleg. Prestane hadde ofte store avstandar i soknet, og dei kunne raskare skaffe seg ein Trabant ved hjelp av bidrag frå partnarkyrkja, utan den årelange ventetida, som ein normalt måtte rekne med. Dersom nokon fekk telefon uventa tidleg, burde ein fatte mistanke. Staten var interessert i å høyre kva prestane snakka med kollegaer om, og MfS hadde som vi såg i kapittel 2.2. om etterretningstenesta, verkemidla som skulle til for å skaffe seg informasjon. Difor fekk ofte kyrkja telefon raskare enn vanleg.

Stasi

Det var ikkje sjeldan at prestar på falsk grunnlag hamna i vanskar. Det er mange, ganske trasige historier, oppdikta hendingar med baktaling og t.d. ekteskapsproblem som resultat. Det er noko av det som kjenneteikna Stasi. Staten freista kjempe mot og bryte ned einskilde prestar og presse dei til å forlate kyrkjelyden.

Besøk

”Karl” veit ikkje om han sjølv vart tysta på. Han har lese mappa si, men fann ikkje noko spesielt om tysting i den siste stillinga si i DDR. MfS sin innsats medan han var kyrkjelydsprest utanfor Potsdam, såg han derimot att i mappa. Stasi freista då å oppsøkje alle prestane for å få noko negativt på dei. I hans tilfelle kom dei med eit brev som etter seiande var sendt han frå Vest. Det inneheldt trugsmål og Stasi åtvara, på bakgrunn av brevet, mot farane som kunne oppstå dersom ”Karl” drog til Vest. Han kunne då risikere å bli overfalt av DDR-motstandarar. Offiserane sa at dei hadde ”fanga opp” brevet og lurte på kven som truga han. ”Karl” skjønnte fort at det var MfS sjølv som hadde skrive det og han fekk stadfest det i mappa si. Til nabopresten kom dei med ei forboden bok som dei sa nokon frå BRD hadde sendt han, og spurte kvifor han ville lese den. Dei stilte fleire spørsmål som skulle avsløre

haldningane hans overfor DDR når det galdt verneplikta og tankar rundt alternativ uvæpna teneste. Alt vart gjort for å få ut informasjon og finne noko å negativt på dei.

Dotter til ein kollega ville reise over grensa og gifte seg med ein mann ho hadde møtt, men ho fekk ikkje utreiseløyve. MfS gjekk til faren, som då altså var prest, og spurte han ut om si haldning til diverse problem. Dersom han prata med dei, skulle dottera få reise. Det var ein vanleg arbeidsmetode for MfS å nytte press og oppdikta historier for å få innverknad og påverke i ulike miljø. MfS tilbød, som vi har sett i det innleiande stoffet, fordelar som t.d. oftare utreiseløyve for å besøke slekt i vest i bytte mot opplysningar og i håp om å knyte kontaktar og vinne prestar og andre til samarbeid. Offiserar kom fleire gonger med andre ”prov”, men vart avvist. ”Karl” ringte umiddelbart biskopen og fortalde om besøket, kva dei ville vite og kva tilbod dei eventuelt kom med når det galdt motytingar. Som nemnt under MfS-kapitlet var ein ved å bryte løyndomen t.d. ved å snakke med biskopen eller frå preikestolen, så og seie fri og uinteressant for MfS og dei kom ikkje fleire gongar. Det var viktig å vere modig nok til å fortelje om det. ”Karl” seier at MfS ikkje lukkast med denne strategien der.

IM

”Karl” har nokre kollegaer som var IM og av spesielle grunnar ville samtale med MfS, m.a. for å oppnå gode vilkår, og dei sa ikkje noko om det til kyrkjeleiinga. Dette fann han ut etterpå, og ofte låg det personlege livshistorier bak. Ein av dei hadde t.d. halve familien i Vest, som han ikkje utan vidare kunne besøke. Fordi han tysta på medarbeidarar, fekk han reiseløyve som kompensasjon. Han skreiv aldri under på noko og omgrepet ”IM” var ikkje kjend før etter at Muren og DDR fall. MfS var ikkje så dumme at dei let informantane skrive under på at dei var IM. Dei sa berre at dei skulle kome innom av og til og høyre litt om det eine og det andre, utveksle tankar, høyre kva informanten tenkte om det eine og det andre, og det vart skrive rapportar. I ettertid fann desse folka ut at dei var registrert som IM og forstod nok at dei hadde gått over ei grense, også fordi at dei ikkje hadde fortalt kyrkjeleiinga om det dei gjorde. Dei som sa frå, fekk som sagt vere i fred.

Det var nok meir IM-aktivitet på universiteta enn på KH, sjå 2.2.1. ”Stasi og kyrkja”. ”Karl” stadfester dette i det han fortel at mange han seinare fann ut var IM, var blitt verva som student og faktisk også *til* studentar. Sjølv merka han ikkje noko til det, men han kjenner til folk som begynte på teologistudiet og gjekk inn i kyrkjeleg verksemd på oppdrag frå partiet

eller FDJ. Her skulle dei arbeide seg oppover og vere agent og lytte til kva moglege fiendar tenkjer. Dei var ikkje nødvendigvis kristne og dei fleste vart avslørt. Det finst sjølvsagt mapper om dette også.

Statlege tenestemenn

MfS hadde mange arbeidsmetodar for å skaffe seg informasjon. I tillegg til dei som alt er nemnde, nytta dei og statlege tenestemenn i kommunen. Alt måtte via desse. Når dei trong taktekking, kunne ikkje "Karl" gå direkte til taktekkaren, men måtte snakke med viseborgarmeisteren. Han måtte spørjast og bedast om å få frigjort nødvendig materiale og utstyr til kyrkja. Viseborgarmeisteren måtte tenkje seg om, om han hadde nok murstein. Skule og barnehage skulle ha, men han skulle sjå om det vart noko att. Men dei kunne snakkast av og til. "Karl" kunne fortelje kva som er viktig i kyrkja, kvifor det er viktig og kva som skjer der. Desse medarbeidarane har då sjølvsagt skrive rapport og meddelt MfS kva han tenkte og meinte. Det visste ikkje presten den gongen. Slik hadde dei altså mange kjelder som kontrollerte prestane. I tillegg hadde nokre IM i kyrkjelydane som oppgave å ta opp gudstenester på lydband eller referere frå dei. På den måten samla dei material mot prestane som dei eventuelt kunne bruke mot dei. "Karl" fann ingen namn han kjende blant IMane i mappa si.

Avlytting

Om det var avlyttingsutstyr fastmontert i kyrkja, er han usikker på, men ser ikkje vekk frå at det var der. MfS var flinke til å byggje opp telefonar med avlytting. Offisielt kom dei som installerte telefonen som telefonselskap som skulle setje opp telefonane, og ingen ante den gongen om det var avlyttingsutstyr der eller ikkje. Personleg har "Karl" ikkje funne noko, men antar vel at noko var gøymt og at det sjølvsagt kunne vere at det var noko innebygd i telefonen.

Preike

"Karl" sa alltid kva han tenkte, meinte og kunne forsvare ut frå preiketeksten. MfS fanst naturlegvis ikkje i konteksten. Der kjende ein berre til forfølgning av kristne slik vi finn hos Paulus og i Apostelgjerningane, og elles undertrykking frå romerske styresmakter. "Karl" syntest det var veldig bra når sånne tekstar var på agendaen og han prøvde å snakke slik at når han nemnte at romarane eller tryggingsmakter gjorde sånn og slik, visste alle at han meinte kommunistane, regjeringa eller DDR-*Sicherheitsbehörde*, utan at han trong seie det eksplisitt.

Det skjedde såpass lite negativt mot prestane at mange sa ganske mykje som andre ikkje kunne tillate seg. Det var nok verre å snakke slik på andre arbeidsplassar. I følgje ”Karl” var det svært sjeldan at ein prest hamna i fengsel grunna preiker eller fordi han uttrykte anna meining enn det offisielle DDR. Til det var han for kjent til berre å kunne bli arrestert sånn utan vidare og dessutan var han verna av embetet. Slik sett var stoda lettare for ein prest enn for ”vanlege” kyrkjelydsmedlemmer. Dei kunne bli arrestert for å ha fortalt ein politisk vits. Tema som utreiseproblematikk og gjenforening var også tabu på arbeidsplassar.

Kontakt med vest

”Karl” var ofte på besøk hos slekt i Vest, som han meiner det var vanleg å få løyve til jf *Isolasjon og sjølvstende for kyrkja i Aust* (s. 25). Dersom han hadde sagt noko negativt i preikene, kunne det føre til at han ikkje fekk utreiseløyve på ei stund, t.d. 1-2 år og ”Karl” forstod då at no var dei sinte på han for eitt eller anna. Det var ikkje krav om å skrive rapportar etter å ha vore i Vest, så ”Karl” bidrog aldri med informasjon til regimet, som heller aldri spurte etter nokon rapport frå han. Mange ambassadar vart bygd i området han jobba på 80-talet, og presten hadde ein del kontakt med desse. Han fortel m.a. om middag hos den norske ambassadøren som serverte god, norsk laks!

Sjelesorg

På kontoret rekna han med å kunne vere avlytta, og det virka ikkje som folk hadde problem med det. Mange sa ”alt”, så dei mistenkte neppe at presten skulle vere IM. Tematisk var det (sjølv sagt) skilnad då og no. DDR-tida var ei heilt anna tid og samtalanе gjekk ofte på korleis leve med verdigheit og skape ei framtid når ein er så inneklemt og ikkje kan forlate landet som ein vil, står under ideologisk tvang og skal oppsede barna slik Staten vil ha det. Mangel på studie plass opptok mange og Jugendweihe var også eit tema for ein del foreldre som eigentleg ikkje ville, men likevel let barna ta JW for ikkje å spolere karrieremoglegheiter p.g.a. ein slik formalitet. Det ”Karl” fortel heng godt saman med stoffet i avsnitt 2.3.3. Mange ønskte seg ut av den vanskelege situasjonen i DDR. Dei ville dra til eit land med større fridom til å gjere, meine og seie det dei ville.

Jugendweihe og konfirmasjon

”Karl” meinte Jugendweihe var mot eit kristent menneskesyn og ønskte ikkje avleggje nokon lovnad til sosialismen eller vedkjenne seg til ei vitskapleg verdsoppfatning, jf 2.3.3. Som einaste i klassen deltok han ikkje, som altså medførte at han ikkje fekk ta Abitur. På spørsmål

om JW og konfirmasjon var tema i samtale med ungdom, svarer han at så ikkje var tilfelle. Ingen kom til han for å ta opp det spørsmålet og han tenkjer seg at 13-14åringar ikkje tok stilling til slikt. Sjølv hadde han gjort det, men han tenkjer likevel ikkje at ungdomar normalt tenkjer på og avgjer slikt. Tematikken vart eigentleg ikkje diskutert korkje med dei eller foreldra bortsett frå i nokre sjelesorgsamtalar. I 80-åra var det mindre tematisert enn det hadde vore før. Foreldra bestemte og det var der eitt år mellom konfirmasjon og JW. Difor var det heller ikkje ein så tydeleg motsetnad mellom dei som det kunne vere andre stader og tider.

Kontakt med biskop

”Karl” og biskopen i *Berlin-Brandenburg* snakkast ofte. Når familiar hadde problem med Staten t.d. utreise, hendte det at biskopen vart oppsøkt og beden om å hjelpe. Biskopen kunne då ringe presten i det aktuelle området og rådføre seg med han, ved å spørje kva han tenkjer om denne familien, om han skulle hjelpe eller om det er folk som berre ville utnytte kyrkja for raskt å kunne flytte vestover. Som vi har sett i første delen av oppgåva, særleg i 2.5., hadde kyrkjeleiinga ein del kontakt med Staten, og ”Karl” fortel at biskopen hadde faste, årlege samtalar med *Ministerrat*. Då var det vanleg at han på slutten kunne overlevere ei liste med namn som han ville tilrå skulle få godkjenning til å reise, t.d. på bakgrunn av familieforhold. Det var ei liste ministeren nok visste kom og som han gjerne til og med spurte etter. Ein må ikkje gløyme at Staten også tente på alle som reiste ved at BRD betalte såkalla ”Kopfgeld”, ei form for erstatning, t.d. ved å betale det utdanninga hadde kosta DDR. Staten gjorde ei vurdering av kven dei kunne late gå, t.d. kven som gav best utbyte i form av pengar eller utgjorde minst ”tap”.

Hovudsakleg blanda Staten seg ikkje inn i kyrkjelege spørsmål, kun når dei meinte statstryggleiken var i fare på bakgrunn av aktiviteten i kyrkja og då freista dei, som vi har sett, å hindre aktivitetar gjennom samtalar med dei geistlege. Biskopen mekla når ”Karl” hadde ungdomsgudstenester med statskritisk innhald. Både preiker, tekstar og musikk var regimekritisk, noko som utløyste store protestar frå Staten som sjølv sagt var til stades og i løynd avlytta gudstenesta. Det kom til hyppige samtalar mellom Staten og biskop, der biskopen freista forsvare gudstenestene og late dei gå sin gang.

Runder Tisch

I åra fram mot Murens fall var det spennande aktivitet i kyrkja, som vi såg i korte trekk i 2.6 "Mot slutten". Det fanst ungdomsgrupper og kyrkjelege basisgrupper som jobba med spørsmål kring miljø, menneskerettar, utreise og politiske spørsmål. Som prest leia han den lokale "runden Tisch", som tok over styringa då SED-leiinga forsvann i november 1989 og til regjering og regionale demokrati vart valt i midten av mars 1990. "Karl" fortel om ei spennande tid og utdjuper siste avsnittet i 2.6. Representantane, som var både frå den gamle strukturen og nye parti, kom saman fleire gongar i veka og for første gong opplevde ein *samtale*, der alle var likestilt gjennom avstemming. Alt gjekk altså føre seg demokratisk. Borgarar, som elles ikkje våga eller hadde lov å uttale seg, meldte seg til dette arbeidet for å få vere med og løyse problem og det var mykje meir ope enn det "Karl" kallar "moderne Schnelldemokratie". "Runder Tisch" tok føre seg spørsmål kring m.a. oppløysing MfS, tilbakeføring av bustader dei hadde brukt, kva gjer dei med våpna? Kvar er dei illegale bustadene? Kva gjer ein med HA-Stasifunksjonærar? Mange offiserar forsvann fort, flytta og bytte namn. Andre spørsmål som også måtte avgjerast dreidde seg om økonomi og næringsliv, m.a. utfordringa med investorar frå Vest. Politkarane (SED), som også var der, og dei nye partia, hadde lurt på kven som skulle leie overgangsgruppa. Kyrkja hadde på slutten av DDR-tida kome i eit positivt lys og det var den gamle SED-leiinga som, i følge "Karl", sa at prestane burde gjere dette. Leiaren måtte vere nøytral, og ein prest hadde få eller ingen baktankar t.d. finansielle. Etter at Muren fall gjekk mange teologar inn i politikken. Nokre, deriblant "Karl", vendte tilbake til kyrkjelydar, medan andre, som kanskje i utgangspunktet ikkje hadde tenkt å bli prestar, vart verande i politikken.

Etter die Wende

Det var freistande å spørje om det var noko som var betre den gongen. I samfunn og tider når ein er undertrykt er fellesskapen ganske annleis. Det er eit interessant fenomen, tykkjer "Karl", og slik var det som kyrkje i DDR. Det var meir intensivt og eksistensielt. Folk kom oftare saman, også i større grad for å høyre kva presten hadde på hjartet. No er "alt" lov, ein kan tenkje og snakke fritt. Det gjer det mindre interessant å samlast og ein treng ikkje kyrkja på same måte som treffpunkt for å gje kvarandre kraft eller utveksle tankar. I moderne demokrati, kor "alt" er både lov og mogleg, nærmar ein seg vestlege forhold når det gjeld oppslutnad i kyrkjene.

3.3 „Wolfgang”

Innleiingsvis fortel ”Wolfgang” litt om ulike utdanningvegar for teologar i DDR.¹⁴³ Alle dei statlege teologiske fakulteta heldt fram å utdanne teologar etter DDR vart grunnlagt. Sidan ikkje alle som ville studere kunne kome inn på universiteta spelte *Kirchliche Hochschulen* (KH) ei viktig rolle. Desse tok også opp studentar som etter dei 10 første åra på skule av ymse grunnar nemnt i første delen, ikkje fekk ta Abitur. For dei utan Abitur var første åra då tilnærma lik *Oberschule*, men med språk, historie og bibelfag. Ein KH stamma frå kyrkjekampen i nazitida. Sidan denne låg i Vest-Berlin vart den naturlegvis utelukka som studiestad etter 1961. I Aust-Berlin var det ”*Sprachenkonvikt*”, der dei kunne ta 1. semester, før KH, men frå 1961 vart det utvida til KH, men endra ikkje namnet. ”*Leipziger Missionshaus*” hadde utdanna og sendt misjonærar til Afrika. Då Muren kom fekk dei ikkje lenger reise ut og denne skulen vart då gjort om til KH. Det var den skulen ”Karl” gjekk på. I tillegg var det oppretta ein ny i Naumburg, delt i *Pro-* og *Oberseminar*, som utdanna kateketar og teologar. På *Proseminar* kunne ein ta noko tilsvarande Abitur, og på *Oberseminar* var då sjølv teologistudiet. Denne skulen var meir pedagogisk innretta, men teologiutdanninga var ganske normal men med sterkare pedagogisk profilering. Dessutan fanst det ”*kirchliche Fachschule*”, ”*Paulinum*” for folk som hadde eit yrke og som seinare ønskte å bli prestar. Desse vart i utgangspunktet kalla ”*Prediger*”, men vart vanlege prestar etter ei tid. Sjølv om *Paulinum* var mindre akademisk, t.d. hadde ein ikkje hebraisk, var det ei god utdanning, leia av dyktige dosentar som ikkje fekk undervise på statlege fakultet, jf også det ”Karl” fortalde. „Kvaliteten“ på dosentane varierte. ”Wolfgang” fortel at dei eigentleg vart frårådde å studere i Berlin, fordi det var så mange dosentar som var der på Statens nåde. Men det fanst sjølv sagt nokre dyktige i blant dei. Staten hadde lite påverknad på teologistudentane, men hadde det i større grad på lærarane, særleg gjennom utplukking av lærarar på dei offentlege fakulteta. Det var også her lokale skilnader. Sterkast var innverknaden i Berlin. Sidan det var nærare makta, var det viktigare der å ha folk som var lojale mot Staten.

Utanom dei kyrkjelege utdanningsinstitusjonane var det få, om nokon, som tilbød utdanning utan Abitur. Eit felt kor det etter forholda var relativt mange kristne, var helsevesenet. Der kunne ein til og med klatre eit stykke på karrierestigen. ”Wolfgang” nemner også naturvitarar, men t.d. journalistar kom ikkje på tale. Av lærarar var færre og færre vedkjennande kristne.

¹⁴³ Her fortel eg det han sa, og det gir eit bilete, sjølv om han kanskje ikkje får med alt. Terminologi kan variere samanlikna med andre kjelder som tek føre seg utdanningssystemet.

Det fanst sjølvsagt unntak, men om ein ønskte karriere, kunne ein nesten berre gløyme det. Det var få kristne advokatar og ingen dommarar og statsadvokatar, fortel han. Han meiner og det på mange punkt var lettare å vere prest enn anna kristen. Andre vaksne kristne møtte i mykje større grad problem i arbeidslivet. Jf *Kristen i utdanningssystemet* (s. 15), *Forsøk på avkristning* (s. 19) og *Mellom barken og veden* (s. 21). ”Wolfgang” meiner også at prestebarn var i ein betre situasjon enn andre frå kristne heimar, med mindre presten gjorde noko liknande som Brüsewitz, jf *Kristen i utdanningssystemet* (s. 15), *Eit meir spent forhold* og *Toppmøte* (s. 32). Dei kunne ikkje alltid studere, gjere eller bli det dei ville t.d. fordi dei ikkje fekk Abitur. På spørsmål om dette medførte at fleire studerte teologi enn som gjerne elles ville ha gjort det, svarer ”Wolfgang” stadfestande. Han fortel om ein familiemedlem som egentleg ville bli lærar. Vedkomande hadde ingen sjanse til det fordi ho kom frå ein kristen heim, men dersom ho ville studere teologi, hadde ho andre moglegheiter. Det var nok mange som helst ville ha gjort noko anna enn det dei gjorde, og etter at Muren fall, var det fleire av desse som gjekk inn i politikken. Nokre gjekk tilbake til presteyrket, andre let vere.

Abitur?

”Wolfgang” var presteson og bestemte seg tidleg for å studere teologi, noko han gjorde på eit statleg universitet. Kombinasjonen presteson, aktivitet i JG og universitetsstudium gjorde det nærliggjande å spørje om det for han hadde vore uproblematisk å ta Abitur. Det viste seg ikkje å vere tilfelle. ”Wolfgang” vart kasta ut frå gymnaset rett før avsluttande eksamen.

Dette var i dei vanskelege 50-åra, då Staten brukte sterke verkemiddel mot kyrkjeleg ungdomsarbeid, jf kapittel 2.3 ”Dei tøffe 50-åra”. Einaste lovlege ungdomsorganisasjon var FDJ. I klassen til ”Wolfgang” på slutten av 40åra var det seks prestebarn. I starten var *ein* elev i klassen med i FDJ, som dei andre gjorde narr av. Klassen var ”berykta” og skuleleiinga følgde med. På niande trinn kom dei saman med andre, der dei fleste var FDJ medlemmer, og nokre av dei svært overtydd og aktive. Samstundes var det nokre som ikkje var medlemmer, særleg i denne klassen med prestebarna. Få var aktive i både JG og FDJ, den eine det galdt, trakk seg fort ut av FDJ, og skiljet mellom gruppene var tydeleg. Av den grunn oppstod det sterke spenningar. Det hadde også samband med at det var ei sterk gruppe elevar frå godt utdanna heimar og ei gruppe som var svakare stilt. Klassen var sterkare enn mange andre på skulen.

Det hendte at det var allmøte på skulen, og som del av kampanjen mot JG, sjå elles *Tiltak mot Junge Gemeinde* (s. 17), vart det arrangert eit møte der det vart sagt mykje tåpeleg og negativt mot JG både av folk tilhøyrande skulen og utanfrå. At det var del av ein kampanje vart ikkje sagt eksplisitt. Ein klassekamerat reiste seg ved eit høve og sa i mot det som vart sagt om JG. Han peika på at sidan JG ikkje er ein organisasjon, kan ein ikkje berre melde seg ut. Det braut ut ein voldsom applaus frå mange elevar som ikkje var kristne, men som også visste veldig godt at dette var ein kampanje ovanfrå. På møtet var det eitt menneske til stades, som dei ikkje kjende, truleg frå skulesjefen sitt kontor, som heldt ein mottale.

Etter ein ferie var nokre lærarar og rektor, som var godt likt blant elevane, reist, men dei fekk aldri vite kvifor. Men som vi såg i teoridelen, *Kristen i utdanningssystemet* (s. 15), var det i desse åra fleire lærarar som reiste vestover. Den ukjente mannen frå møtet vart ny kommissarisk skulestyrar, og det vart kalla inn til nytt allmøte. For "Wolfgang" var det no rett før avsluttande eksamen, og han og gjengen visste at dei var under oppsyn. Dei gjekk difor til superintendenten (SI) og fortalde korleis stoda var. Då fekk dei med seg eit brev frå denne, med ei slags støtteerklæring som òg var avtalt med fleire prestar i området, slik at dei hadde andre i ryggen og slapp å måtte stå inne for sitt standpunkt heilt aleine. "Wolfgang" las opp brevet på møtet. Rektor tok deretter ordet og sa han hadde snakka med SI, og at det ikkje var slik "Wolfgang" påstod. "Wolfgang" vart utfordra til å gje ein personleg uttale, men det ville han ikkje. Undervisninga gjekk så vidare. Ei yngre syster av ein klassekamerat hadde i småprat med sidemannen sagt at rektor laug. Læraren spurte kva ho sa, og avslørte slik offentleg, rett nok berre i klassen, rektors lygn. Rett etter dette hadde FDJ-medlemmene i klassen, som no utgjorde størsteparten, eit medlemsmøte, og klassestyraren, ein ung lærar, som var tidlegare offiser, pressa klassekameratane til å krevje at "Wolfgang" vart kasta ut. 2 dagar før skriftleg eksamen var det eit nytt allmøte, kor det vart gjort kjent at "Wolfgang" slutta på skulen fordi han ikkje var moden nok. Faren ville ha dette skriftleg, og fekk det. Dette var sjølv sagt leitt, men han visste at det fanst KH, så utdanning skulle han skaffe seg. "Wolfgang" drog til Naumburg for å sjå på forholda, med tanke på å begynne der, og slo seg til ro med det. Men kort etter kom 10. juni 1953 med "*neuen Kurs*" frå regjeringa, jf 2.3.2 Kursedring. "Wolfgang" fekk då avleggje eksamenane på skulen som han måtte forlate, og same rektor, som fekk han kasta ut, skreiv under på vitnemålet, som faktisk også vart tilbakedatert til same dato som dei andre i klassen, altså forfalsking. Sjølv kom han seg godt ut av det og tenkte, at det var klassekameratane som var mest krenkt. På 40årsjubileet hadde eine av dei sagt, at han hadde skrive under grunna angst, men hadde angra og trekt

underskrifta tilbake. Andre igjen syntest det var vanskeleg å skulle dra på jubileum og møtast igjen. Dei var redde for at ”Wolfgang” og dei andre ikkje hadde lagt hendinga bak seg. Med til historia høyrer det også at bror hans ikkje fekk begynne på den skulen. Rektor sa det var nok med ein av dei...

”Wolfgang” seier at dette var eit forsøk på å endre ting med makt. Det var openbert at det var ordre frå Moskva om ikkje å gjere slikt. Sjølv om Staten vart mildare, var det gjennom heile historia forsøk på å halde folk unna Abitur og kaste elevar ut av skulen. Dette kjenner vi òg att frå første delen av oppgåva.

Prest i industrien

Før han begynte som kyrkjelydsprest jobba han ein periode som prest i industrien:

Gjennom deltaking på *Ökumenische Aufbaulager*, gjennomført av *Gossner Mission*¹⁴⁴, vart ”Wolfgang” kjent med denne organisasjonen og det dei dreiv med. I BRD hadde dei hatt eit prosjekt med industriprestar, med hovudvekt på det å vere kristen i industrien. I DDR hadde det vore ulike forsøk med alternativ til tradisjonelle kyrkjelydar, og ”Wolfgang” hadde vore med på noko etter modell av franske arbeidarprestar. Nokre teologar ville ikkje gå rett inn i presteembetet etter studiet, og ville heller vere industriarbeidarar. Ikkje først og fremst for å misjonere, men for å sjå og erfare kva som skjer med eiga tru når ein jobbar der. ”Wolfgang” tok del i eit slikt prosjekt. Det var fleire teologar der som tok jobb i små, private firma. Dei ønskte ikkje å arbeide i sjølve den store hjørnesteinsbedrifta, ei stor kolgruve. Sjølv jobba han i eit lite byggjefirma som jobba med kraftverket. Rundt dette vart det bygd opp ein liten by for å huse arbeidarane. Industriarbeidarar budde gjerne i slike nyoppbygde område *Neubaugebieten*, skilt frå byen elles. Der vart det også grunnlagt ein eigen kyrkjelyd, og dei 4-5 teologane tok på seg jobben med å tene denne i tillegg til det andre arbeidet. Øvste kyrkjelege leiing ville neppe ha likt det, men superintendenten dekkja over. Dei fann fort ut at dei overvurderte kreftene sine med å skulle drive kyrkjelydsarbeid i tillegg til jobb, og fann at ein av dei måtte slutte å jobbe og gjere kyrkjelydsarbeidet på heiltid, finansiert av dei andre. Valet fall på ”Wolfgang” som då planla og organiserte det kyrkjelege arbeidet, inkludert besøk i heimane. I tillegg tok han seg av husarbeid og matlaging til gruppa, før dei skulle kome seg av garde og gjere kyrkjeleg teneste i det som var att av kvelden. Ein gong i månaden hadde dei gudsteneste i eit ombygd kyrkjegardskapell. Her lærte han svært mykje

¹⁴⁴ lite misjonsselskap, johannes gossne, gjorde mykje forskjellig. Grunnla Tysklands første barnehagar og sendte misjonærar til india (handverkarar, ikkje teologar).

som han trur han ikkje ville lært i ein vanleg kyrkjelyd. T.d. dette med heimebesøk, oppbygging av gudstenesteliv frå grunnen, då det ikkje var nokon tradisjon for det der frå før, og ikkje minst barnarbeid i kyrkjelyden. Mykje var uvisst. Nattverd for barn var også eit spørsmål som plutselig måtte takast stilling til, då borna brått sat der. Vegleiar og superintendent var langt vekke og ”Wolfgang” hadde relativt frie tøyler. Jobben tæra på kreftene, men gav mykje nyttig erfaring, og kyrkjelyden eksisterer den dag i dag (2007), men er blitt meir tradisjonell. Dei lærte mykje og fekk også eit meir kritisk blick på tradisjonelle kyrkjelydar.

Studentprest

Etter ein periode som prest i ein tradisjonell landsby i 1962 – 69 begynte han som studentprest i Berlin. Det var relativt tilfeldig. *Studentengemeinde* (SG) som søkte etter ny prest, kom over namnet hans i *Gossner Mission* og tok kontakt. Han fekk jobben og der var han i sju år. Overgangen var stor frå ein kyrkjelyd med sokneråd med gjennomsnittsalder på 70 år. Samanlikna med ein vanleg kyrkjelyd, var SG ganske annleis. Dei har nesten ingen tradisjonar, folk kjem og går og er der kort tid. Tonen var uformell med „Du“ mellom studentane og bruk av førenamn. I BRD var SG svært aktive på studiestadene, men i DDR var dette ikkje mogleg! Her kunne det berre vere i kyrkjelege lokale eller privat. Spesielt vanskeleg var det i Berlin, for huset der SG hadde eigne rom, var kort før ”Wolfgang” kom dit, sprengt for å gje plass til TV-tårnet. I tillegg er Berlin relativt uoversiktleg, med mange mindre utdanningsinstitusjonar, noko som gjorde at mange kristne studentar ikkje hadde noko med SG å gjere. Dei som visste om SG, hadde gjerne høyrte om det frå andre. Ein ting var å vite om det, ein måtte også finne det og kome seg dit. Neste utfordring var difor den store avstanden. Som prest i SG fekk han ikkje bustad i Berlin og måtte bu litt utanfor. Mange studentar budde også i studentbyar utanfor byen og drog ikkje inn til byen to gonger dagleg. Det gjorde at byar som Leipzig og Dresden hadde større SG enn Berlin. Blant dei som kom saman i SG var det også personar som ikkje studerte. For mange var SG eit naturleg framhald frå JG. SG vart leia av studentpresten og tillitsvalde studentar og dei hadde venskapsgrupper i vest. Slike samarbeid var lettare for SG i Berlin enn for andre. Private reiser til Vest var mogleg for folk i heile DDR og vart i mange tilfelle godkjent, men slike partnartreff var ikkje privatreiser, og dei måtte skje i Berlin. I tillegg til å få eit kristent nettverk var det god organisasjonserfaring for studentane, og mange henta mykje nyttig lærdom gjennom ulike verv i SG.

Tankar over grensa

Sidan det var mangel på eige lokale, vart møta med tillitsvalde haldne der t.d. på studenthyblar og andre stader der studentane var. Ved også å køyre dei kvar til sitt etterpå, kom ”Wolfgang” nær inn på dei han arbeidde for og med. Det vart snakka om alt frå situasjonen i DDR til kristendom og litteratur. Når det galdt tema i samtalar var dette prega av tida då dei fleste budde seg på at DDR ville halde fram å eksistere. Fokus var difor retta mot det å finne seg til rette der slik det var og nytte moglegheitene best mogleg, utan nødvendigvis å tykkje at alt var bra. I samband med partnartreff vart det uttrykt noko vemod med tanke på alt som var mogleg i Vest og umogleg i Aust, alt dei kunne lese, gjere seie og ikkje minst å kunne reise.

Her kjem ”Wolfgang” også med nokre døme frå andre jobbar:

Rett etter Muren kom hadde kyrkjelyden han då jobba i besøk frå Tsjekkoslovakia. I samtale med desse gjekk det opp for han at det var ein viktig skilnad mellom dei to landa. I Tsjekkoslovakia hadde dei måtta tilpasse seg det å vere kristen i den staten i lang tid. Folk i DDR var potensielle BRD-borgarar og kunne dra over dit om det skulle vere ønskeleg. Då ville dei vere likestilt, ha same rettar og snakke same språk som der dei kom. Difor trong dei fram til 1961 aldri ta DDR-staten heilt på alvor, dei kunne jo berre dra sin veg! Slik ville det ikkje vere for utlendingar som kom. Sjølv hadde ”Wolfgang” studert eit år i Vest, men ville tilbake til Aust, då det var der han hørte heime, sjølv om kona var frå BRD.

I siste kyrkjelyden ”Wolfgang” var, hadde dei gode forbindelsar til ein kyrkjelyd i Vest-Berlin, og medlemmer kom over grensa på besøk. Kyrkjelyden i Aust var alltid misunneleg på vilkåra i Vest, t.d. at dei kunne demonstrere kvar og kor tid som helst. Så påpeika Vest at dei kunne vere misunnelege andre vegen òg. I Vest kunne dei gjere kva som helst, men utan at nokon nødvendigvis interesserte eller brydde seg. I Aust derimot, når ein gjer eller kunngjer noko der, har dei straks Staten og andre si merksemd og søkjelys retta mot seg. Kyrkjelydane hadde eit veksande tal unge utan kristen bakgrunn som kom til kyrkja fordi dei der kunne snakke friare. Kyrkja hadde ei heilt spesiell offentlegheit som den nesten einaste ikkje-statlege ”organisasjonen”. Sjølvsagt var det mange i denne tida som trakk seg ut av kyrkja, men mange ikkje-kristne var medvitne på kyrkja si viktige rolle, mange fleire enn i dag. I Vest var ein misunnelege på den viktige funksjonen kyrkja hadde for så mange, både truande og ikkje-truande. No er kyrkja ei av mange grupper, og for mange heilt uinteressant. Så uinteressant var ikkje kyrkja i DDR heller ikkje for ikkje-truande. ”Wolfgang” vil heller ikkje overvurdere skilnaden. Etter Muren fall vart kyrkjelokale stilt til disposisjon for verdslege

arrangement, fordi ein ikkje fann store nok rom andre stader. Då kom det mange usikre, kyrkjeframande som kanskje aldri hadde sett sine bein i ei kyrkje før.

Tilbake til SG...

Ein gong i semesteret arrangerte SG også leir som samla nærare hundre menneske på ein leirstad i skogen. Det kan skytast inn at ordet ”*Freizeit*” berre kunne brukast av FDJ, så leirane vart kalla ”*Rüstzeit*”. Hit inviterte dei skribentar o.a. som Staten ikkje var særleg begeistra for, men som framleis budde i DDR. Dei kom og alle naut å kunne snakke i lausare, upolitiske rammer. Det var populært og gjestane uttrykte seg svært positivt om kontakten med ungdomane som var så opne. ”Wolfgang” illustrerer ved å fortelje at ein av forfattarane hadde vore svært skeptisk på førehand og kravde m.a. at det måtte vere røykfritt. Men han vart verande igjen heile kvelden etter foredraget sitt sjølv om det vart røykt svært mykje. MfS var sjølv sagt til stades, men forstyrra ikkje.

I SG-samanheng var det fare for at MfS kunne kome og leggje press på studentane for å verve dei. Som vi såg i kapittel 2.2. var studentar attraktive medarbeidarar. Det var ille når dei av og til gjorde det. ”Wolfgang” hadde ofte og offentleg sagt til studentane at dersom MfS prøvde å verve dei, burde dei snakke med presten eller andre. Det ville, som allereie nemnt fleire gonger, gjere dei uinteressante. Det var det nesten ingen som gjorde, men dei som kom, vart kvitt presset frå MfS. Eg undrast på om det ikkje var farleg for dei som sa det, jf *Inoffizielle Mitarbeiter* (s. 11), men får til svar at det gjekk bra med dei han visste om.

”Wolfgang” var oppteken av at dei ikkje måtte mistenkje folk. I *MfS og sjelesorg* (s. 13) såg vi at det kunne vere ei belastning. Det kunne vere vanskeleg å fastslå om ein ”medlem” var frå MfS, og før ein var sikker, måtte ingen verte dømt. Det ville berre skape dårleg klima. I SG var det ein dei trudde og mistenkte var frå MfS, men visste det ikkje sikkert og kunne ikkje prove det. ”Wolfgang” sa då til dei at dei ikkje fekk snakke om det, for viss vedkomande var uskuldig, ville gruppa gjere han stor urett. Han kan ikkje forsvare seg og prove at han ikkje er det. At dei seinare fann ut at mistanken var rett, var inga overrasking. Dei visste jo at MfS alltid var til stades.

Kyrkjebygg

I 1976 vart ”Wolfgang” igjen kyrkjelydsprest i Berlin. Dette var i eit nybygd område, og hit kom folk frå heile DDR. Kyrkjelyden var heilt ny, og der møtte han utfordringar som mangel

på kyrkje og andre lokale. I starten brukte dei nabokyrkja, men etter kvart fekk dei, blant dei ti første i DDR, og første i Berlin, bygd opp eit kyrkjelydshus, som omtala i 2.5. ”Kirche im Sozialismus”, ved hjelp av *Westgeld*. Opphavleg skulle det ikkje vere kyrkjer i nybygg-område, men etter samtalen mellom Schönherr og Honecker i 1978, jf *Toppmøte* (s. 32), kunne det byggjast for vestpengar som DDR innkasserte. Men det hang nok også saman med politiske endringar med tanke på internasjonal anerkjenning, noko DDR sjølv sagt ønskte. Dei inviterte gjerne politikarar frå nyfrie statar i Afrika som ville sjå nærare på sosialismen, og desse gjestene, som ofte var kristne, spurte gjerne etter kyrkjer når dei såg nybygde område. ”Wolfgang” fortel at det i alle høve vart sagt at det spelte inn. I tida kring den nemnte samtalen la ein mykje krefter i normalisering. Kyrkja var ein påliteleg fiende for Staten, for det som skjedde i kyrkja, skjedde ganske offentleg og ikkje bak ryggen på Staten og heller ikkje direkte illegalt. I ettertid har dei også funne ut i kor stor grad MfS også var til stades i kyrkja. Det gjekk ikkje å kneble kyrkja på same måten som i Russland, og sjølv om Staten ikkje akkurat var tilhengjar av kyrkja, hadde dei eit godt forhold og freista finne ein modus vivendi 2.5. ”Kirche im Sozialismus”. Her er det då dette med bygging av kyrkje kjem inn. Kva som verkeleg gjorde utslaget, veit vi vel ikkje heilt. For ”Wolfgang” og kyrkjelyden hans kom kyrkja som lyn frå klar himmel, dei hadde aldri rekna med at dei skulle få kyrkje.

Det kan også nemnast at ein av dei første byane som fekk kyrkje paradoksalt nok var Stalinstadt (Eisenhüttenstadt), den første sosialistiske byen. Her hadde Ulbricht tydeleg sagt ”hit kjem aldri kyrkje”. Der hadde ein i mange år feira gudsteneste i ei campingvogn. Dei hadde tomt, som elles var første bøygen, og difor kom ei av dei første nybygde kyrkjene hit.

Honecker var nok mykje betre for kyrkja enn Ulbricht, og også på mange andre område var han betre, meiner ”Wolfgang”. Med han kom òg personar som frå byrjinga var meir realistiske og betre utdanna, t.d. økonomar. I førstninga vart moderate folk vart sagt opp. Grotewohl var kanskje ikkje så streng på det som Ulbricht, men i alle høve var stoda absolutt betre under Honecker. I tillegg var DDR no bekymra for at det ikkje skulle bli internasjonal anerkjent, noko som ikkje spelte same rolle i starten av DDR-tida. Tilstanden vart betre, men framleis ikkje god nok.

Stasi og forholdet til staten

Somme prestar meinte barna ikkje skulle vere med i FDJ, men ”Wolfgang” sine var det. Korleis prestebarn hadde det var nokså forskjellig. Dette såg vi i *Kristen i utdanningssystemet*

(s. 15), og "Wolfgang" fortel også at den einskilde rektor si haldning og presten si framferd og forhold til lokale styresmakter, var avgjerande for om barna til ein prest fekk ta Abitur. Alle tre barna til "Wolfgang" fekk ta Abitur. Det har truleg samanheng med at "Wolfgang" heile tida prøvde å ha eit godt forhold til styresmaktene, og han merka seg kva som vart sagt og tilbydd i samtalar. Han freista og å få til samtalar med statlege funksjonærar for å stå i dialog med desse. Det var bra for barna, men han gjekk av og til under tilnamnet "Rote-Wolfgang". Han var på ingen måte organisert, korkje i partiet eller i ei presteforeining. Til skilnad frå mange kollegaer hadde han ei relativt god og forsonande haldning til Staten. Folk i kyrkjelyden rapporterte kva som vart preika og sagt, men så lenge det ikkje var nok til at det førte til arrestasjon, prosess eller OV, kunne presten seie meir enn mange andre. Det var kollegaer som snakka om prestane sine store innskrenkingar og som avviste alle samtalar og ytte motstand. I heile DDR hendte det at prestar vart invitert til den lokale politiske leiaren for kyrkjespørsmål. Nokre kollegaer gjekk aldri dit, og at deira barn hadde det verre enn "Wolfgang" sine, var difor inga overrasking.

I ettertid har han funne ut at MfS også hadde interessert seg for han i ein periode. Medan han var studentprest, kom MfS og spurte om alt mogleg, og alt som likevel var offentleg, fortalte han til dei. På slutten av samtalen sa MfSmannen at samtalen skulle bli mellom dei. Det avviste "Wolfgang" som sa at han sjølvsagt skulle fortelje sine overordna om besøket. I mappa las han då seinare at han ikkje hadde halde seg til den diskresjonen som MfS forventa. Han var difor ikkje lenger interessant som medarbeidar.

Verneplikt

Sjølvsagt om *Bausoldat* var innført, var ikkje det eit alternativ heilt likestilt med væpna verneplikt. Det vart gjerne teia om moglegheita og den som valde det, kunne rekne med ulemper som reduserte moglegheiter for vidare utdanning. Sonen til "Wolfgang" var ein dyktig elev og gjekk på ein spesialskule for matematikk. NVA kom til skulen for å verve først og fremst til vanleg verneplikt, men og offisersutdanning. Denne sonen ville då vere "*Bausoldat*". *Bausoldat* vart det aldri "reklamert" for, og det kunne verte sagt at det ikkje fanst. Klassestyraren, som var overtydd SED-mann, hadde mange lange samtalar med eleven om dette, høfleg og roleg, men øvde ikkje direkte press. Læraren sa at han sjølv måtte vite kva han ville og ta avgjerda på eiga han. Andre ville kanskje følt eit veldig press av mange slike samtalar, og fått nervesamanbrot, men han her klarte seg godt. Dei måtte søkje studieplass før eksamen var avlagt, og han fekk det, sjølv om han var *Bausoldat*. Mange DDR-borgarar ville

seie ”sånt er ikkje mogleg” for det verka elles nesten umogleg og mange slike soldatar fekk aldri sjansen til å studere, og læreplass var det generelt sett vanskeleg å få når ein hadde Abitur. Men det fanst altså unntak, som vi har sett fleire gongar i ulike samanhengar. Avgjerande var nok faktorar som skule, lærar, foreldre og elev, og som vi såg i *Kristen i utdanningssystemet* (s. 15), *Forsøk på avkristning* (s. 19) og 2.3.3. ”Jugendweihe”, kunne flinke elevar kompensere.

Jugendweihe og konfirmasjon

Dei første åra var undervisninga, såkalla ”*Jugendstunden*” og boka dei brukte svært antikristeleg, jf 2.3.3. Dette vart etter kvart noko moderert. I starten skilde kyrkja som vi har sett, skarpt mellom konfirmasjon og *Jugendweihe*. Når det kom trugsmål om at den som ikkje tok JW ikkje ville få Abitur, måtte kyrkja leggje seg på ei mildare linje, fordi det var så mange som då valte JW. ”Wolfgang” meiner kyrkja her hadde gjort ei feilvurdering og tapte på alle punkt. ”Wolfgang” sine barn var, som tidlegare nemnt, med i FDJ, og dei tok også del i JW, men markerte det ikkje med nokon fest. Foreldra kunne tole og tillate det. Det var vanskeleg å motseie det som vart sagt, men med kva som var meint, var det nok annleis, det kunne ein gjerne seie i mot. Nokre kyrkjelydar flytta tidspunktet for konfirmasjonen for tidsmessig også å skilje dei frå kvarandre. Der ”Wolfgang” jobba i Berlin, tok nesten alle JW. Det fanst sjølvsagt unntak, nokre prestebarn og nokre få andre. Ved konfirmasjon vart det ikkje stilt spørsmål om JW, og ein la ikkje mykje vekt på den problematikken. ”Wolfgang” seier han kan stille spørsmål ved om ein der burde ytt motstand. Han reflekterer litt rundt det og er usikker, men sjølv gjorde han det altså ikkje. Han følte ikkje at det var nødvendig, dei aller fleste gjekk likevel til JW.

Etter die Wende

Den kyrkjelege kvardagen vart ikkje så veldig mykje endra, men litt. No er kyrkja ein av mange samanslutningar. Den offentlege motstanden var vekke og kyrkja var mindre interessant for folk flest. I det tidlegare Aust-Berlin vart det ei god blanding av folk i kyrkjelydane då det kom ein del frå Vest i samband med at regjeringa flytta til Berlin frå Bonn. Det vil kunne skilje seg mykje frå andre stader i DDR.

”Wolfgang” fortel at dei hadde nokre vanskar med å leve i eit „kristent“ land etter at Muren fall. Tre punkt skilde seg ut som særst vanskelege. Det var kyrkjeskatt, religionsundervisning og militærsjelesorg. Det siste kom for ”Wolfgang” og mange andre overhovudet ikkje på tale i DDR. Dei frykta at militærsjelesorga skulle bli ein del av hæren, og dei var sterkt i mot dette.

Kyrkjeskatt

Frå 1805 var staten forplikta til å betale presten og det heldt DDR fram med. Etter at Muren fall var kyrkja plutsleg folkekyrkje og eit av dei største problema var at Staten innførte kyrkjeskatt. Det heitte det også i DDR, men då var det kyrkja som tok inn denne skatten, og når nokon flytta forsvann dei ut av lokale kyrkjekartotek og då vart det heller ikkje kravd inn skatt. Folk som aldri hadde vore i ei kyrkje skulle no plutsleg betale. Dette resulterte i at mange, som eigentleg aldri hadde vore i kyrkja, meldte seg ut. Nokre visste ikkje ein gong kva kyrkjelyd dei eventuelt hadde vore medlem av.

Religionsundervisning

Mange var skeptiske til religionsundervisninga i skulen. ”Wolfgang” innrømmer at han kanskje var for skeptisk og måtte revidere tankane litt. Undervisninga skapte uro med tanke på ungdomsarbeidet, fordi han frykta at barnarbeidet i kyrkja skulle forsvinne. Det skjedde også til ei viss grad. Samstundes såg han at elevar som elles ikkje hadde blitt nådd, vart det. Likevel var det tungt å sjå at trusopplæringa som gjennom mykje strev var bygd opp, no var vanskeleg å halde i gong, og det var lite kyrkjesøknad. Det eksisterte ein illusjon om at ”no blir alt betre” med større kyrkjelydar. Den illusjonen hadde ”Wolfgang” ikkje, sjølv om det fanst folk som hadde trekt seg ut av kyrkja og som kom tilbake etter samanslåinga.

Andre utfordringar

Ein familie som drog til Vest etter Muren fall, meinte barna burde vere konfirmert, då ”alle” i Vest var kristne. Slikt var unntak, men det følte likevel litt bittert å bli ”utnytta” slik.

Eit stort problem for han og nokre kollegaer var at dei ved samanslåinga plutsleg vart embetsmenn. I samband med embetsmannstittelen fekk presten mykje betre løn.

Lønssystemet vart endra frå å vere ganske likt for alle til at det vart til dels store lønsgap mellom dei som tente mykje og dei som tente lite, mellom presten og andre kyrkjelege medarbeidarar. Mange i kyrkjelyden vart også råka av arbeidsløyse og dårleg økonomi. Det

kjendest urettvist og ikkje godt. ”Wolfgang” trekkjer fram ei anna sak han og fleire også såg på som svært urettferdig, nemleg at dei fekk så høg status samanlikna med andre arbeidarar i kyrkja. Saman med fleire kollegaer vedtok han å gje ein viss prosent av løna til hjelp for desse og til andre kyrkjelege tiltak som det no ikkje lenger var pengar til i kyrkja. Dette var altså rett etter ”die Wende”.

”Wolfgang” var aldri med i fagforeiningar, korkje før eller etter. Han kjente få som var medlem og samstundes har han alltid sett på kollegaer som like og liker ikkje den særstillinga presten har. Han vil heller ikkje kallast ”Pfarrer-”Wolfgang”” no etter han har pensjonert seg.

Etter Wende var folk overraska over kor mykje MfS hadde medverka og vore involvert i, og dei fleste borgarar hadde inga aning om kor aktive MfS hadde vore. Det kunne t.d. vere fleire i same kyrkjelyd som ikkje visste om kvarandre. Det var prestar blant MfS sine mange IM, men ”Wolfgang” meiner media overdreiv tala. Alle prestane vart sjekka om dei var IM og det var ikkje så mange som avisene ville ha det til, sjølv om 1 var 1 for mykje og tok seg dårleg ut for kyrkja. Ut i frå mappa veit ”Wolfgang” at MfS prøvde verve han to gongar. Sjølv veit han om den eine, den andre veit han ikkje. Han har aldri bedt om å få sjå mappa, men det vart sjekka i samband med eit oppdrag han skulle ha. Han vil ikkje vite kven som tysta på han fordi ingen skade hadde skjedd. I samband med det første valet var det inga lov som tilsa at ein skulle sjekke ein eventuell MfS-bakgrunn, men *Kreistag*, *Stadtbezirkstage* let seg frivillig sjekke. Prestar, ein evangelisk, ein katolsk og frikyrkjeleg, leia gruppa som gjorde dette. Sånn var det mange stader og ”Wolfgang” var med på opninga av mappene og gjorde ein frivillig innsats med dette. Fleire let vere å møte opp fordi dei allereie hadde trekt seg frå valet, då dei visste dei hadde ein del på seg. Prestane, med si teieplikt og som sjølv først var blitt sjekka av kyrkjelege styresmakter, sjekka mappene i vedkomande sitt nærver og kunne seie om han eller ho var eller ikkje var IM. Dei passa også på at rettar vart ivaretekne, men alle let mappene opne.

4 Avslutning

Eg har i denne oppgåva sett på kyrkja i DDR og møtt tre prestar som arbeidde der. Sjølv om målet med oppgåva ikkje var å trekkje generelle konklusjonar på bakgrunn av dei tre lagnadene eg har sett på og historiene informantane fortel, er subjektive, tykkjer eg likevel oppgåve teiknar eit godt bilete, både i likskapar og skilnader. Rett nok er det minst ei gruppe prestar sitt syn eg ikkje har fått med, og det er m.a. dei som var IM. Men når ein ser breidda og samanlikna med teoristoffet, representerer stoda ganske godt. Dei utgjør både kyrkjelydsprest, ungdomsprest, industriprest, akademikar og studentprest, og dei var i ulik grad og på ulike måtar i opposisjon til systemet. Det er interessant at dei til dømes avspeglar spekteret mellom om Jugendweihe var greitt eller ikkje, dreiv aktiv opposisjon og ikkje, i kva grad dei hadde hatt noko med MfS å gjere og korleis dei var delaktige i politikken på slutten.

”Helmut” var ein aktiv og modig opposisjonell og stod på i kampen for rettferd, og han engasjerte seg for folk både i og utanfor kyrkja. ”Helmut” fell nok i kategorien som ser tilbake på motstandsarbeidet som positivt jf *Mellom barken og veden* (s. 21). Han har òg klare meiningar om kyrkja slik ho er no. Sidan ”Helmut” jobba så ope mot regimet, er det naturleg at han tok fleire forholdsreglar når det kom til sjelesorg. I kva grad tida som OV har gått inn på han, er vanskeleg å spore, men det virker som han har eit avslappa forhold til det.

”Karl” var uredd i arbeidet som prest og han stod for sine meiningar om systemet. Han let seg ikkje presse av MfS og nytta gjerne preikene til å flette inn si meining om samfunnet dei levde i. Han var ein klar leiar for den lokale gruppa som skulle legge til rette for overgang til eit nytt styresystem fordi han var respektert, ærleg og rettferdig.

”Wolfgang” er den informanten som tilpassa seg systemet mest og samarbeidde så langt det let seg gjere utan dermed å vere tilhengjar av systemet. Han fekk tidleg merke at det var problematisk å tilhøyre ei kristen gruppe, og han stod for det han meinte var rett. Han skaffa seg arbeidserfaring frå svært ulike område og jobba mykje i direkte kontakt med einskildpersonar. Han tykte det var vanskeleg å vere blant dei privilegerte etter at Muren fall, og han bidrog gjerne til at andre òg skulle få betre økonomiske og sosiale tilhøve.

Det dei fortel seier noko om tida og viser på mange punkt den viktige rolla kyrkja spelte på ulike område, mellom anna i forhold til lokaldemokrati, sjelesorg og MfS. Dei peiker også på at det i DDR var store skilnader trass einsrettinga av politikk og samfunn. At det t.d. var såpass enkelt å få utreiseløyve for å besøke slekt som informantane vil ha det til, stemmer ikkje overeins med det andre vener av meg har fortalt.

Eg undrast kvifor folk ville studere teologi når ein kjente Staten si negative innstilling til religion, men det viser seg at alle informantane hadde grunnar som ein kan samanlikne med motivasjonen til teologistudentar elles. Informantane hadde forskjellig bakgrunn og hadde studert ulike stader. Det kom også fram at fleire av informantane var samd i at det var lettare å vere prest enn annan kristen.

Informantane tenkjer ulikt om Jugendweihe, og fokuserer mest på høvesvis ideologi eller praktiske forhold. Det er nok ganske representativt at prestar tenkte ulikt her, men eg vil som sagt vere varsam med å trekkje for mange generelle konklusjonar. Ulike aspekt ved dette, t.d. samarbeid mellom prest, foreldre og ungdom, kan ha med variasjonar i tid og stad å gjere, kva det er tradisjon for der dei var. Både "Karl" og "Wolfgang" fortel at der dei jobba, vart konfirmasjonen flytta slik at rituala lettare skulle kunne skiljast frå kvarandre.

Eg var budd på at MfS kunne vere eit veldig kjenslevart emne, men det prestane fortalde, fortalde dei villig. Dei hadde ulike erfaringar med Stasi og tenkjer heller ikkje likt om kor mykje dei no ønskjer å vite ved å få innsyn i mappa si og sjå kven som har tysta, kvar og kor tid.

Noko som særleg overraska meg, galdt teneste etter Muren fall. På spørsmål om forholda etter Murens fall trekkjer informantane fram kyrkja sin viktige plass og funksjon, og saknar dette no. Kyrkja var samlande. No er ikkje kyrkja like interessant for den vanlege borgar som den gongen, og ho har ikkje ei like tydeleg rolle. Det er det tungt for dei som prestar å sjå. Men då tenkjer eg: Kven andre enn prestane sjølv kan gjere (noko med dette og) gjere kyrkja relevant? Dei kan ikkje gjere så mykje med at det offentlege no gjer mykje av det kyrkja gjorde før, det skal ein vel uansett vere glad for, men eg trur likevel ikkje at det ikkje er nok av utfordringar i samfunnet som kyrkja kunne ta tak i.

Det er interessant å sjå at alle dei tre har tankar om kva som var betre i DDR. Det følte som ein gjorde ein viktigare jobb som prest og kyrkje då. Også i andre samanhengar ser ein at noko var betre i DDR, t.d. når det kjem til sosial tryggleik. Ei tid med mangel på ytrings- og reiseфриdom er forbi, men arbeidsløysa no er urovekkjande, noko som diverre, vil eg seie, har medverka til at vi dei siste åra har sett ein auke i høgreekstreme grupper. Det er også ei side ved dei endringane som kom. Alt vart altså ikkje berre rosenraudt etter samanslåinga, og vi må rekne med at det tar tid før skilnadane i landet er utjamna. ”Die Mauer in den Köpfen” vil nok ikkje sleppe taket før om nokre generasjonar.

Det gjeld å sjå kva ein kan lære av fortida. Gå inn i situasjonen slik den er og ikkje vike unna. Eg vil vere varsam med å samanlikne med t.d. norsk kyrkjekamp under andre verdskrig, men ein ser likevel ei kyrkje som på same måte tek ansvar og ikkje vik unna for kva som helst, ei kyrkje som ein stabil del av samfunnsstrukturen og ei kritisk røyst. Der har nok kyrkja noko å lære i dag og. Kyrkja og den lokale presten i DDR kan vere gode føredøme når det gjeld å gjere det beste ut av situasjonen, hjelpe der ein kan, stå saman med folk og dele sårbarheita.

For dei aller fleste vart det sjølvsagt ei lette då Muren fall, og ein kunne til dømes kjøpe seg andre køyrety, men etter kvart vart det sterkare og sterkare medvit på å halde på minna frå DDR-tida. *Ampelmänner* har sine forkjemparar og *Trabantar* vert rusta opp, har eigne klubbar og liknande. Dei står alle som symbol på DDR-tida, ei tid som alltid vil prege ein og tolking av eigen kontekst, som heller ikkje prestane vil kunne gløyme. Ein skal sjå framover, men ikkje gløyme det som var.

Sjølv om muren mellom dei tidlegare to tyske statane er vekke, valutaen felles og flagget eitt, så vil fortida vere med ein, og ”Helmut”, ”Karl” og ”Wolfgang” er framleis ordinerte prestar mellom *Ampelmänner* og *Trabantar*. Så får vi tru vi slepp sjå noko liknande igjen/ein liknande situasjon korkje i Tyskland eller andre stader, men la *Trabantane* og den raude og grøne mannen minne oss om fridommen som no er.

”Ostalgien” blomstrar. Bilen er blitt populær kultbil under kjærlege kallenamn som ”Trabbi” eller ”die Papp”, og *Ampelmänner* kultfigurar. Men kvar er presten og kyrkja?

5 Litteraturliste

Bøker

Ackermann, S.: *Christliche Frauen in der DDR. Alltagsdokumente einer Diktatur in Interviews*. Leipzig 2005. Evangelische Verlagsanstalt. ISBN: 3-374-02325-8

Gieseke, J.: *Der Mielke-Konzern. Die geschichte der Stasi 1945-1990*. München 2006. Deutsche Verlags-Anstalt. ISBN: 3421059527

Holzappel, I. (Hrsg.): *Zeitzeugen berichten. Zur Geschichte der evangelische Jugendarbeit von 1930 bis 1950*. Herausgegeben im Auftrag der Arbeitsgemeinschaft der Evangelischen Jugend in der Bundesrepublik Deutschland e. V. aej-Studienband 16. Stuttgart 1992. edition aej. ISBN: 3-88862-045-7

Höppner, R. (Hg): *Bleiben, wohin uns Gott gestellt hat. Zeitzeugen berichten über die Kirche in der DDR*. Leipzig 2004. Evangelische verlagsanstalt. ISBN: 3-374-02207-3

Linke, D.: *Niemand kann zwei Herren dienen. als Pfarrer in der DDR*. Hamburg 1988. Hoffmann und Campe. ISBN: 3-455-08291-2

Mählert, Ulrich: *Kleine Geschichte der DDR*. 4., überarbeitete Auflage. München 2004. Verlag C. H. Beck. ISBN: 3 406 47550 7

Mau, R.: *Eingebunden in den Realsozialismus? Die Evangelische Kirche als Problem der SED* In series: Sammlung Vandenhoeck . Göttingen 1994. Vandenhoeck & Ruprecht. ISBN: 3-525-01616-6

"Pfarrer, Christen und Katholiken". Das Ministerium für Staatssicherheit der ehemaligen DDR und die Kirchen. 2., durchgesehene und um weitere Dokumente vermehrte Auflage 1992. Gerhard Besier/Stephan Wolf (Hg.). Neukirchener 1992. Neukirchen-Vluyn. ISBN: 3-7887-1416-6

Schorlemmer, F.: *Worte öffnen Fäuste. Die Rückkehr in ein schwieriges Vaterland*. München 1992. Kindler. ISBN: 3-463-40169-X

Artiklar

Dähn, H.: „Der Weg der Evangelischen Kirche in der DDR – Betrachtung einer schwierigen Gratwanderung“, *Die Rolle der Kirchen in der DDR: Eine erste Bilanz*. Horst Dähn (Hg.). München (1993) 7 – 20. Olzog Verlag. ISBN: 3-7892-8530-7

Erklärung der in Fürstenwalde versammelten Mitglieder der EKD-Synode vom 5. April 1967 i Heßler, H.W.: *Bund der Evangelischen Kirchen in der DDR. Dokumente zu seiner Entstehung ausgewählt und kommentiert von Reinhard Henkys*. Serie: epd-Dokumentation Bd. 1. Frankfurt.Berlin (1970). Eckart-Verlag Witten. ISBN 3 7703 0077 7

Goeckel, R. F.: „Der Weg der Kirchen in der DDR“, *Kirchen in der Diktatur*. G. Heydemann/L. Kettenacker (Hrsg). In series: Sammlung Vandenhoeck. Göttingen (1993) 105 – 181. Vandenhoeck & Ruprecht. ISBN: 3-525-01351-5

Heise, J.: „Kirchenpolitik von SED und Staat. Versuch einer Annäherung“, *Kirchen in der Diktatur*. G. Heydemann/L. Kettenacker (Hrsg). In series: Sammlung Vandenhoeck. Göttingen (1993) 126 – 154. Vandenhoeck & Ruprecht. ISBN: 3-525-01351-5

Kirche als Lerngemeinschaft. Dokumente aus der Arbeit des Bundes der Evangelischen Kirchen in der DDR. Berlin (1981). Evangelische Verlagsanstalt.

Pahnke, R-K. Jugend zwischen FDJ, SED und MfS. *Beschädigte Seelen. DDR-Jugend und Staatssicherheit*. J. Mothes, G. Fienbork, R.-K. Pahnke, R. Ellmenreich, M. Stognienko [Hrsg.] Bremen (2007). Edition Temmen. ISBN 3-86108-881-9; 978-3-86108-881-3

Parteiauftrag ein neues Deutschland. Bilder, Rituale und Symbole der frühen DDR. Dieter Vorsteher [Hrsg.] München/Berlin (1969). Koehler & Amelang. ISBN: 3-7338-0212-8

Schönherr, A.: Zeugnis- und Dienstgemeinschaft. In: Theologischem Lexikon, Berlin/DDR (1978) (1), s.426ff.

VERFASSUNG der Deutschen Demokratischen Republik. Berlin (1969). Staatsverlag der Deutschen Demokratischen Republik.

Oppslagsverk:

DUDEN, Deutsches Universalwörterbuch. 6., überarbeitete und erweiterte Auflage. Herausgegeben von der Dudenredaktion. Dudenverlag Mannheim.Leipzig.Wien.Zürich. 2007 ISBN 3-411-05506-5 / 978-3-411-05506-7

Fremmedord. Blå ordbok. Kunnskapsforlaget. Oslo (2003)

Lingua. Tysk-norsk/norsk-tysk ordbok. Universitetsforlaget. Oslo (1997)

Nettsider

www.bstu.bund.de

<http://www.doku-ekd.de/pdf/0040/0040435.pdf>

<http://www.doku-ekd.de/pdf/0037/0037654.pdf>

<http://www.verfassungen.de/de/ddr/nvrgesetz60.htm>

<http://www.planet-wissen.de/pw/Artikel.....C697B3C5AC7D3E03E030DB95FBC32F96.....html>

Anna

Die Bundesbeauftragte für die Unterlagen des Staatssicherheitsdienstes der ehemaligen Deutschen Demokratischen Republik (BStU). Angebot und Materialien für Schulen. Außenstelle Potsdam.

Dießner, M: [forordet til] *Übersicht über die Karteien des MfS in der Außenstelle Potsdam*. BStU Außenstelle Potsdam. Sachgebiet Archiv (2005)

Forschungs- und Gedenkstätte Normannenstraße. Ruschestraße 103, Haus 1
10365 Berlin

6 Vedlegg

6.1 Vedlegg 1: Utdrag frå Forfatninga av 1949

V. Religion und Religionsgemeinschaften

ARTIKEL 41

- (1) Jeder Bürger genießt volle Glaubens- und Gewissensfreiheit. Die ungestörte Religionsausübung steht unter dem Schutz der Republik.
- (2) Einrichtungen von Religionsgemeinschaften, religiöse Handlungen und der Religionsunterricht dürfen nicht für verfassungswidrige oder parteipolitische Zwecke mißbraucht werden. Jedoch bleibt das Recht der Religionsgemeinschaften, zu den Lebensfragen des Volkes von ihrem Standpunkt aus Stellung zu nehmen, unbestritten.

ARTIKEL 42

- (1) Private oder staatsbürgerliche Rechte und Pflichten werden durch die Religionsausübung weder bedingt noch beschränkt.
- (2) Die Ausübung privater oder staatsbürgerlicher Rechte oder die Zulassung zum öffentlichen Dienst sind unabhängig von dem religiösen Bekenntnis.
- (3) Niemand ist verpflichtet, seine religiöse Überzeugung zu offenbaren. Die Verwaltungsorgane haben nur insoweit das Recht, nach der Zugehörigkeit zu einer Religionsgemeinschaft zu fragen, als davon Rechte oder Pflichten abhängen oder eine gesetzlich angeordnete statistische Erhebung dies erfordert.
- (4) Niemand darf zu einer kirchlichen Handlung oder Feierlichkeit oder zur Teilnahme an religiösen Übungen oder zur Benutzung einer religiösen Eidesformel gezwungen werden.

ARTIKEL 43

- (1) Es besteht keine Staatskirche. Die Freiheit der Vereinigung zu Religionsgemeinschaften wird gewährleistet.
- (2) Jede Religionsgemeinschaft ordnet und verwaltet ihre Angelegenheiten selbständig nach Maßgabe der für alle geltenden Gesetze.
- (3) Religionsgemeinschaften bleiben Körperschaften des öffentlichen Rechtes, soweit sie es bisher waren. Andere Religionsgemeinschaften erhalten auf ihren Antrag gleiche Rechte, wenn sie durch ihre Verfassung und die Zahl ihrer Mitglieder die Gewähr der Dauer bieten. Schließen sich mehrere derartige öffentlich-rechtliche Religionsgemeinschaften zu einem Verbands zusammen, so ist auch dieser Verband eine öffentlich-rechtliche Körperschaft.
- (4) Die öffentlich-rechtlichen Religionsgemeinschaften sind berechtigt, von ihren Mitgliedern Steuern auf Grund der staatlichen Steuerlisten nach Maßgabe der allgemeinen Bestimmungen zu erheben.
- (5) Religionsgemeinschaften werden Vereinigungen gleichgestellt, die sich die gemeinschaftliche Pflege einer Weltanschauung zur Aufgabe machen.

ARTIKEL 44

- (1) Das Recht der Kirche auf Erteilung von Religionsunterricht in den Räumen der Schule ist gewährleistet. Der Religionsunterricht wird von den durch die Kirche ausgewählten Kräften erteilt. Niemand darf gezwungen oder gehindert werden, Religionsunterricht zu erteilen. Über die Teilnahme am Religionsunterricht bestimmen die Erziehungsberechtigten.

ARTIKEL 45

- (1) Die auf Gesetz, Vertrag oder besonderen Rechtstiteln beruhenden öffentlichen Leistungen an die Religionsgemeinschaften werden durch Gesetz abgelöst.
- (2) Das Eigentum sowie andere Rechte der Religionsgemeinschaften und religiösen Vereine an ihren für Kultus-, Unterrichts- und Wohltätigkeitszwecke bestimmten Anstalten, Stiftungen und sonstigen Vermögen wird gewährleistet.

ARTIKEL 46

- (1) Soweit das Bedürfnis nach Gottesdienst und Seelsorge in Krankenhäusern, Strafanstalten oder anderen öffentlichen Anstalten besteht, sind die Religionsgemeinschaften zur Vornahme religiöser Handlungen zugelassen. Niemand darf zur Teilnahme an solchen Handlungen gezwungen werden.

ARTIKEL 47

- (1) Wer aus einer Religionsgemeinschaft öffentlichen Rechtes mit bürgerlicher Wirkung austreten will, hat den Austritt bei Gericht zu erklären oder als Einzelerklärung in öffentlich beglaubigter Form einzureichen.

ARTIKEL 48

- (1) Die Entscheidung über die Zugehörigkeit von Kindern zu einer Religionsgemeinschaft steht bis zu deren vollendetem vierzehnten Lebensjahr den Erziehungsberechtigten zu. Von da ab entscheidet das Kind selbst über seine Zugehörigkeit zu einer Religions- oder Weltanschauungsgemeinschaft.

VI. Wirksamkeit der Grundrechte

ARTIKEL 49

- (1) Soweit diese Verfassung die Beschränkung eines der vorstehenden Grundrechte durch Gesetz zuläßt oder die nähere Ausgestaltung einem Gesetz vorbehält, muß das Grundrecht als solches unangetastet bleiben.

6.2 Vedlegg 2: Utdrag frå Forfatninga av 1968

Artikel 20, 1: ”Jeder Bürger der Deutschen Demokratischen Republik hat unabhängig von seiner Nationalität, seiner Rasse, seinem weltanschaulichen oder religiösen Bekenntnis, seiner sozialen Herkunft und Stellung die gleichen Rechte und Pflichten. Gewissens- und Glaubensfreiheit sind gewährleistet. Alle Bürger sind vor dem Gesetz gleich.

Art 39, 1: Jeder Bürger der Deutschen Demokratischen Republik hat das Recht, sich zu einem religiösen Glauben zu bekennen und religiöse Handlungen auszuüben.

39, 2: Die Kirchen und anderen Religionsgemeinschaften ordnen ihre Angelegenheiten und üben ihre Tätigkeit aus in Übereinstimmung mit der Verfassung und den gesetzlichen Bestimmungen der Deutschen Demokratischen Republik. Näheres kann durch Vereinbarungen geregelt werden.

Art 6: Militärische und revanchistische Propaganda in jeder Form, Kriegshetze und Bekundung von Glaubens-, Rassen- und Völkerhaß werden als Verbrechen geahndet.

6.3 Vedlegg 3: Samtaleguide

Til grunn for samtalan låg denne lista med spørsmål og stikkord.

Utgangspunkt: Eg vil vite meir om korleis det var å vere prest i DDR også samanlikna med tida etter at Muren fall). Kvardagen som prest.

Personalialia – livsløp.

Studiet

Kvifor studere teologi?

Utdanningsstad?

Utfordringar i studietida?

Jobbmoglegheiter

Arbeidsliv

Type prest

Arbeidsstad/arbeidsoppgåver

Ungdomsarbeid/FDJ/jugendweihe/konfirmasjon. Kva hadde ein sjølv gjort? Rettleie?

Sjelesorg – hadde konfidentar angst for rapportering? Kva med tema i sjelesorg? Korleis endra det seg med tida? Militärsjelesorg?

Preike

Fordelar mtp å få bil?

Medverknad mtp å få pårørende til kasualia over grensa?

1. mai – måtte dei gjere noko den dagen eller andre offentlege festdagar?

Kvardagshistorier?

Stasi

Erfaring med og forhold til MfS.

Mistanke?

Kva måtte ein særskilt passe på? (preiker? Samtalar? E.l.)

Korleis var det evt. å vere overvaka?

Måtte presten levere rapportar?

Mange prestar som sjølv var IM?

Hatt innsyn i ei evt mappe?

Viss ein har sjekka: Korleis var det å oppdage kven som tysta på ein, korleis det vart gjort og kva som vart rapportert?

Aust - vest

Kontakt med vest? Reaksjonar og tankar?

Etterpå

Korleis endra prestenesta seg med Murens fall? (positivt og negativt)

Kva nye utfordringar oppstod etter Wende?